

*Gamle dagar i*  
**SAMNANGER**



**Årbok 2023**  
Samnanger historielag



For dei som har budd langs fjorden har fisk vore ei viktig kjelde til livberging fram gjennom tida. Men mange freista òg lukka lenger til fjells, med ulikt hell. I denne årboka kan du lesa både om fisket på fjorden, eit møbeleventyr i Eikedalen, og gardbrukarar nær Fitjavatnet det ikkje gjekk så bra med. Me får òg eit variert bilete av historia til husmannsvesenet i bygda, frå start til slutt. Så kan du lesa om to personar, ein prest og ein sjømann, som på kvar sine måtar var aktive under krigen. Og me får dessutan innblikk i barndomen til ein samning som har utvandra frå Frøland til USA.



*Samnanger historielag*

### Omslagsbilete:

Framsida viser eit fargelagt bilete av tidlegare sokneprest i Samnanger, Knut Gjesdal.

På baksida ser me utsnitt av eit flyfoto frå 60-talet, som viser det som har vore husmannsplassen Seterhaugen. Der hadde dei heile 18 kyr og 25 småfe i 1865.

**2023**

Redaktørar: Svein Egil Kvale og Øyvind Røen

Utforming: Knut Ådne H. Røen

ISBN: 978-82-94018-00-0

ISSN: 1503-0415

Papirutgåva trykt i Steinsdalen av Norheimsund Trykkeri AS

*Gamle dagar i*  
**SAMNANGER**  
2023

*Samnanger historielag*

# Føreord

Gode lesar! Me vonar at du vil finna noko som er verdt å sjå nærare på også i denne utgåva av årboka (den 24.). Årboka har ikkje noko gjennomgåande tema; me i årboksnemnda har tvert imot prøvd å presentera eit variert stoff. Det gjeld både kva tid dei ni artiklane fortel om, og kva emne dei handlar om.

«Manns minne» vil alltid vera ei viktig kjelde for årboka. Og då treng det ikkje vera dei store og dramatiske hendingane det er tale om. Det som kan synast kvardagsleg og ikkje veldig spesielt, er òg viktig å få med. Eit mål for årboka må nettopp vera å dokumentera kvardagslivet, slik det vert hugsa av folk som framleis lever. Verdien av slikt stoff vil berre auka etter kvart som tida går. Men årboka har sjølv sagt også plass for det meir dramatiske og uvanlege. Difor er den andre verdskrigen framleis ei utømmeleg kjelde for historieskrivinga. Det vil du finna døme på i denne utgåva òg.

Det er nokså sjeldan at årboksnemnda får tilbakemeldingar frå lesarane. Me tenkjer nok likevel at historier om einskildmenneske og -familiar er høgt oppe på lista over kva folk vil lesa, men me prøver oss òg med artiklar som handlar meir generelt om eit tema eller fenomen. Her står me kanskje i større fare for å gjera feil på ymse måtar. Dei som skriv i årboka i år, og dei fleste år, er trass alt berre «glade amatørar». I alle høve set me stor pris på om du – anten du er lek eller lærd – gjer oss merksame på feil og misoppfatningar. Då kjem det til å verta lagt ut rettingar på nettsidene til historielaget.

Berre to av artiklane i årboka er skrivne av folk som ikkje er med i nemnda eller styret for historielaget. Dessutan vil kanskje nokre leggja merke til at det berre er menn som har skriva i årboka i år. Slik bør det ikkje vera. Skriveglade kvinner er hermed etterlyste! Og kvir du deg på å skriva – det gjeld både menn og kvinner – men har noko du har lyst å fortelja, hjelper gjerne årboksnemnda deg med å formidla historia di.

Lukke til med lesinga! (Du treng gjerne eit aukeglas (lupe) når du kjem til den siste, vesle artikkelen.)

ØR

# Innhald

Brislingfisket – eit nasjonalt eventyr <i>av Tor Wold</i>	s. 4
Heimafiske <i>av Tor Wold</i>	s. 11
Krigsseglaren Peder Andersen <i>av Thomas Hellevang</i>	s. 24
Ein avhalden prest <i>av Svein Hitland</i>	s. 37
På gjengrodde tufter <i>av Svein Egil Kvale</i>	s. 44
Møbelfabrikken i Eikedalen <i>av Svein Egil Kvale</i>	s. 52
Minne frå Frøland <i>av Knut Odd Totland</i>	s. 66
Husmannen <i>av Øyvind Røen</i>	s. 76
Bønder og husmenn i Nordbygda 1519 – 1865 <i>av Øyvind Røen</i>	s. 88
Årsmelding 2023 <i>av Solvor Aadland</i>	s. 92

# Brislingfisket

## – eit nasjonalt eventyr

av Tor Wold

Året er 1959, det er litt etter 17. mai. Brislingen har samla seg og gått inn mellom Os og Eikelandsosen. Han har stuva seg saman i Samnangerfjorden for å gyta. Og brislingfiskarane har følgd etter. Det har samla seg fiskebåtar frå sør i Boknafjorden til langt nord for Bergen. Heile dagen kjem det båtar innover fjorden her på rekkje og rad, for å kasta etter brisling når fisket skal opna.

Fisket skal starta kl. 12 om natta. Ungane har fått vera oppe for å sjå. Fjorden er full av båtar, med kvite lykter og raude og grøne lanterner. Så går signalet, og fisket tek til. Nokre set på lyskastarane i håp om å samla seg ein stim dei kan ta seinare. Andre vil kaste nóta med det same. Det er masse bråk og folk som kjeftar og skrik. Heile fjorden ser ut som eit lyshav, som ein stor by.

Neste morgon var det steng over alt i fjorden, og på Tyssekaien var det slåstkamp, mellom to basar. Dei slost fordi den eine båten hadde køyrt over nóta til den andre. Over alt var det eit yrande liv, båtar med rubbmotorar som fór og gjekk innpå vikane, og skulle ta opp alle stengene. Det var motordunking, dieselrøyk og liv og bråk over alt.

I dagane etterpå var fjorden pakka med båtar. På Tysse og Gaupholm, fortøyde dei båtane utanpå kvarandre, langsmed kaien, 3–4 i breidda. I vika på Steinsland, der moloen ligg no, der var det tett med treskøyter frå Nesodden og nesten til skulehuset. Utanfor Aldalen låg det ei heil rekkje, like eins i Barmen. På Ådland og ved Flesjane var det fullt. Og det låg fleire etter ein annan langsmed Haukaneslandet. I alt var det nesten 100 fiskebruk her inne samstundes, og truleg var det enda fleire, for dei kasta lenger ute også, t.d. i Trengereidfjorden. Den sommaren tok dei 70.000 skjepper brisling i Samnangerfjorden eller 1,4 millionar liter! Dette året var heilt spesielt. Aldri har det det vore så mykje brisling i fjorden her, verken før eller seinare.



*Sardinar – eller brisling i olivenolje.*

Men dette var ikkje starten. Brislingeventyret starta 70 år tidlegare. Som alltid er det ressursar, teknologi og marknad som avgjer kva folk tener pengar på. Eg har tidlegare fortalt om sildeeventyret på vestlandskysten frå det starta tidleg på 1800-talet. Brislingfisket vart ei ny næring frå om lag 1900.

Før vi går vidare og ser på årsakene til «brislingeventyret», trengst ei lita oppklaring: Kva er ansjos, sardin og brisling? Ansjos er ein liten, feit sildefisk som finst i varmt vatn lenger sør. Sardinar er ein annan liten sildefisk som lever i temperert vatn, og brislingen trivst i kaldare vatn her hos oss.

Hermetikk av franske ansjosar var på 1800-talet kjend som ei handlaga delikatesse for rikfolk. Då Christian Bjelland kring 1880 i Stavanger begynte å framstilla «Ansjos i olivenolje» av brisling, vart det så sterke franske protestar, at produktet måtte få nytt namn. Då dei kalla brislingen på boks for «sardinar», gjekk det betre. Produktet vart ein suksess.



Sardinar i olivenolje er haldbare og lette å transportera og oppbevara. Ei skjeffe, eller 20 liter, brisling held til 100 sardinboksar med 10–20 brisling i kvar boks. Sardinar i olje kunne konkurrera med dei franske ansjosane, og eksporten steig raskt frå 60 tonn i 1880 til 11200 tonn i 1909. Prisen fiskarane fekk for ei skjeffe brisling, mangedobla seg i den same perioden.



*Christian Bjelland skapte arbeidsplassar også på land.*

Brislingen har nok alltid vore her, men først no var ein viktig føresetnad på plass: Det var skapt ein marknad. Folk langs kysten nytta høvet til å skaffa seg ekstra inntekt ut over det dei hadde fått frå sildefisket og klippfiskfrakta frå Lofoten.

## Slik gjekk brislingfisket for seg

I byrjinga, i første halvdel av 1900-talet, nytta dei fleste landnøter. Då gjaldt det å følgja med når brislingen var nære land. Nóta stakk ikkje så djupt, men om ein greidde å stengja ein stim inne på grunt vatn, inne i ei vik, var det mogeleg å gjera eit varp og tena gode pengar. Brislingnóta er meir finmaska enn sildenøtene som folk var vane med. Dei var dyrare, men dei som investerte i ei brislingnót, tente det raskt inn igjen.

Seinare kom snurpenøter, som ein kunne nytta på djupt vatn, men det var ikkje alle som tok seg råd til dette. Det var nok nokre her i bygda som fekk seg snurpenót, men dei fleste nøydde seg med landnót. Flesteparten av dei båtane som fiska i fjorden her i 1959, var skøyter frå andre kommunar, heilt frå Stavangerkanten og til langt nord for Bergen.

Den viktigaste personen på ein snurpebåt var «basen», som var ein erfaren fiskar. Frå båten speida dei etter fisk i sjøen, ved å sjå etter flokkar av sjøfugl som følgde stimane. Dei kunne også finna fisk ved å studera vassflata og sjå etter krusningar i vatnet – eit brus av små vak.

Når dei så kom nær ein stim, gjekk basen i «loddebåten» – ein liten båt, der han hadde med seg ein rokar. I handa har basen ei line med eit lodd i enden. Dette slepper han i sjøen for å undersøkje stimen. Når brislingen kjem bort i lina, oppstår vibrasjonar, som basen tolkar. Dess tettare stimen er, dess kraftigare vibrasjonar. Ein tett stim vart kalla ein «dott».

På fiskeskøyta ligg nóta klar. Enden på nóta er festa til ein hjelpebåt, som ligg attmed skøyta. Når basen gir klarsignal, trekkjer skøyta snurpenóta i ring kring «dotten», og tilbake til hjelpebåten. Brislingen er innringa, men kan sleppa vekk ved å gå ned under kanten på nóta. Derfor gjeld det raskt å snurpa i hop nóta i botnen, så fisken blir sperra inne.

Når nóta er tett og fangsten sikra, begynner det tunge arbeidet. Fleire karar dreg nóta saman for å minska volumet, og få brislingen samla mest mogleg. Så skal snurpenóta med fangsten slepast til land i ei høveleg vik, der ein kan overføra brislingen til eit steng i ei landnót. Ein kan også setja fisken i steng i ein merd. Dette er ein stor nótpose med tett botn.



*Brislingsteng i Hagafjæra, 1962.*

Stenget får så stå slik i fleire dagar, mens fisken tømmer tarmen for «åte». Til slutt blir han henta av ein oppkjøpsbåt, som tek han til fabrikk. Der blir han røykt og hovudkappa før han blir lagt på boks med innmaten intakt.

### **Nye og betre fiskemetodar**

Snurpenót og nødvendige fartøy var dyrt, og ein snurpebåt trong mykje mannskap. Det var arbeid til 10–12 mann. Men på 1960-talet fekk mange av snurparane montert kraftblokk slik at dei enklare kunne ta inn nóta med maskinkraft. Dette skjedde frå akterenden på skøyta. Dette halverte behovet for mannskap til 5–6 mann pr. bruk.

På solrike dagar kan ein sjå brislingstimane som mørke flak i overflata, på jakt etter raudåte som finst i dei øvre vasslaga. Om natta går fisken djupare ned. Etter kvart tok dei til å bruka lysbåtar, som lyste ned i vatnet om natta. Fisken søkjer mot lyset, og derfor samla brislingen seg der i lyset i ein «dott». I grålysninga kunne dei så setja snurpenóta og få god fangst. Dette fisket var så effektivt at ein kunne tømme ein heil fjord på kort tid.

Dei første 10–15 åra etter krigen var det vanleg å kombinera sildefiske om vinteren og våren med brislingfiske om sommaren. Det var yrkesfiskarar i begge fiskeria. Då sildefangstane gjekk kraftig ned på slutten av 1950-talet, var det mange av sildefiskarane som fekk seg anna arbeid. Derfor vart det for lite mannskap til brislingfisket. Frå våren 1960 vart det stor etterspurnad her omkring etter unggutar som kunne ta del som mannskap.

Fisket starta ofte først i juni, fordi brislingen ikkje var feit nok for hermetikkindustrien før det, og då var dei nykonfirmerte gutane klare for arbeid.

Svært mange Samnanger-gutar av konfirmantkulla 1960–1965 har vore mannskap under brislingfisket. Dei kan fortelja om spenninga før fisket starta, og om gode fortener. Merkeleg nok er det få bilete frå dette fisket. Men me er så heldige at i 1962 fotograferte Wiederøe over Samnanger medan brislingfisket sto på.



*Ytre-Tysse 3. juni 1962. Fiskeskøyter på brislingfiske. Her er nøter på dekk, og hjelpebåtar. Den grå båten nærast kaia er på oppdrag for fiskeritilsynet. Robåten nærast kaia tilhøyrr Hermann Røsseland.*

## **Konfirmantane som vart «rike»**

Dette var historia om brislingeventyret. Til slutt lèt vi ungdomane som var med på 60-talet, fortelja. Dei gode fangstane førte til at nokre av gutane gjorde gode pengar i ung alder. Ein av dei fortel om to kameratar som kjøpte Morris mini då sommaren var over.

Ungdomane frå 60-talet er no pensjonistar, men somme av dei kan underhalda heile kvelden med historier frå fisket. Her tek vi med ei historie om ein gong det gjekk riktig godt og ei om den gongen det gjekk skitt. Vi begynner med den triste historia. Det er Kjell Moss som fortel:

«Ein gong hadde vi eit brislingsteng på Halhjem. Vi hadde meldt inn 1000 skjeeper (20.000 liter). Men då vi kom tilbake til merden der fisken stod og venta på opptaksbåten, hadde det vore fullt av folk og fiska inni merden. Dei hadde fiska opp brisling, for å bruka han til agn, så dei kunne fanga større fisk som hadde samla seg utanfor merden. Merden var jo tett under, men dei hadde sett seg fast i botnen av merden og rive store hol, så all brislingen var rømt. Vi mista heile fangsten.»

Men oftast gjekk det godt. Dei beste fiskarane var nok Holmefjordkarane frå Fusa. Det var Trygve Holmefjord med båten «Tryggholm», og broren Sverre, som hadde båten «Holmefjord». Mange av dei andre fiskarane heldt auge med Holmefjord-karane, for der dei var, der var det ofte fisk.

Vi lar Kjell Moss slutta med ei historie der det gjekk veldig bra: «Det var i Bjørnafjorden i 1966. Vi kom frå Hardanger og reiste utover fjorden for å sjå etter fisk. Då vi kom mot Fusa, låg «Tryggholm» der, og Trygve Holmefjord var gått i lettbåten. Han dreiv og lodda på ein brislingdott. Straks etter såg vi at han lodda på ein annan stad. Dei kasta nóta og tok den dotten som han meinte var størst. Dei fekk 1200 skjeeper med brisling.

Vi kasta etter den andre dotten, og den var mykje større! Vi fekk 2–3000 skjeeper! Det er den største fangsten eg har vore med på. Fabrikken skulle ha ferie, så vi fekk berre levera 1800 skjeeper før det. Då vi skulle ta opp resten etter ferien, hadde mykje av fangsten døydd for oss. Men likevel var det litt av eit varp!»

Framleis blir det fiska mykje brisling i fjordane våre, men med dagens utstyr trengs det ikkje mykje mannskap. Konfirmantane si glanstid i brislingfisket er over, men minna om dei store brislingfangstane på 60-talet lever vidare hos dei som var med.

# Heimafiske

av Tor Wold

Det eldste fiskebildet vi har frå Samnanger, er frå om lag 1900. Vi ser to karar som begge var viktige personar i Samnanger Uldvarefabrik. Til venstre står fotografen, som brukte sjølvutløysar. Det er ingeniøren eller «appreturmeisteren» Jacob Deby (1865-1943). Han var tysk og hadde nok ikkje mykje greie på fiske. Smeden til høgre, derimot, han dei kalla «Brite-Hansen», eller Hans Ragnel Nilsen (1879-1966), kunne nok fiska. Han vaks opp på husmannsplassen Tyssebakken, rett opp for der H. Hadeland ligg no.

Karane har med seg line og åleteine, som er fletta av brake. Bildet ser oppstilt ut, der dei står i oljeklede og sydvest.



*Jacob Deby og Hans Ragnel Nilsen ca. 1900.*

Langs heile fjorden er det i dag karar med 17 fots plastbåtar og 50-hestars motor som slit seg ut vintersdagen, tidleg om morgonen, for å trekkja garna sine. Kaldt er det, men det er om vinteren dei får torsken.<sup>1</sup>

No for tida går det mest i trollgarn, mens somme ligg og pilkar. Dei tar mest torsk, lyr og sei, og i sommarmånadene er det makrell å få på dorg.

Sjølv om det er kaldt og hardt for disse hobbyfiskarane, så liker dei det, og innsatsen deira er til glede for familie og vener som får del i fangsten. Ingen ting er vel som nytrekt, fersk torsk rett på middagsbordet, med «pote», smør og gulrot!

Så lenge det har budd folk ved fjorden, har dei drive matfiske til eige bruk. Langs fjorden ligg det mange små gardar og plassar. Dei færraste hadde stor nok gard til berre å kunne leva av maten dei sjølv dyrka. Då var det godt å kunne skøyta på kosten med fisk. Dette har nok redda mange frå å måtta gå svoltne til køys.

Før slutten av 1800-talet var bygda veglaus, og då hadde nesten alle tilgang til båt. Nótaholmen, utfør Reistad, ligg mest som eit fyrtårn, til minne om rikt fiske. Mange stader langs fjorden kan vi sjå grunnmurar etter sjøbuer og nótaheng.

Det er mange som kan fortelja om fisket her i fjorden, men det er ein kar som stikk seg ut som eit levande leksikon. Det er Kjell Moss. Han er like interessert i å fiska no, som då han var gutunge. Det er fleire kjelder til denne artikkelen, men Kjell er den viktigaste av dei. Han bur på Haga, men i dei første leveåra hans budde familien på Tysse.

På 1900-talet var det innsig av sild, brisling og makrell, som dei tok med nót og garn. Dette fisket kravde samarbeid, og Samnanger hadde fleire nótlag.

Minna frå denne tida er mange. På innsida av Førøyna ligg grunnmuren etter ei sjøbu som vart riven for berre nokre få år sidan, og kjem du med båt til badestranda på utsida av Førøyna, ser du ein svær steinmur rett vest for stranda. Her låg det eit stort sjøhus med nøter og båt. Dette tilhørde «Vetle-Svein» («Barma-Sveid'n») Røsseland som var leiar for Tysse nótlag. Meir om han seinare.

---

<sup>1</sup> Om vinterfiske på isen: sjå årboka for 2010, s. 76



*Her budde Kjell Moss. Mange hadde robåt og drev fiske.*

Reiser ein med båt rundt fjorden, ser ein over alt gamle grunnmurar, og fleire stader står det framleis velhaldne sjøbuer i to etasjar, som vitne om at folk tente pengar på fisket. Viss dei kunne, la dei nótahenet eller nótabua på ein holme, så mus og rotter ikkje kom til. Gnagarane kunne gjera stor skade på ei nót om dei kjende ferten av fisk.

Fiskereiskapen var forskjellig for dei ulike fiskeslaga. Til sild og brisling nytta dei kastenøter. Laks tok dei med kilenót, mens makrell ofte vart fiska med drivgarn. Makrellstørje som ofte følgde etter fiskestimane, tok dei med størjerner. Dette var ein slags harpun dei stakk ned i størjeryggen frå ein robåt.<sup>2</sup> Seinare skaut dei størje med harpungevær.

Fleire av fangstmetodane dei nytta dei første tiåra på 1900-talet er ikkje lenger lovlege. Kilenót for å ta laks er svært effektivt, og for å beskytta laksestammen er det forbode no. Makrellfiske med drivgarn er heller ikkje tillate. Mykje av fisken vert no tatt av store skip på ope hav.

---

<sup>2</sup> Om størjefiske: sjå òg årboka for 2000, s. 33





*Sigurd Bernes (1905-83) sitt nótaheng på holmen utfor Setervika.*

*Foto: Wiederøe 1966*

### **Nøter og kaste plassar**

Ein god fiskevåg var verdfull når fisket skjedde med landnót. Ein måtte følgja med på stimane. Når ein stim kom inn i ein våg, var det om å gjera å ro rundt han med nóta. Nóta hadde flottørar, som heldt henne oppe, og nede var det søkke. Det måtte vera så grunt at nóta nådde botnen, slik at stimen ikkje rømde.

Jon Sandvik (1919–1992), hadde brislingnót, og naust litt sør for Steinslandsfjæra. Derifrå og nord til det vesle skjeret dei kallar Erikaskjeret, var det ei sandgrunne. Her fekk dei sild og brisling med landnót, og her kunne dei setta fisken i steng til ein kjøpar kom og henta han. Slike fjører er det mange av langs fjorden.

I vika på grensa mellom Steinsland og Gjerde ligg ein fin kaste plass. Her låg nausta både til nokre av Steinslandsgardane og til Gjerdsgardane. Nils Steinsland (1895–1976) budde rett oppom der tunellopninga no er. Frå stovevindauget hadde han god oversikt og kunne sjå om ein stim kom inn i vika. Då var han klar med nót og båt i naustet, som ligg rett nedom.



*Brislingsteng på Steinsland. Naustet er Jon Sandvik sitt.*



*Fin kasteplass der småbåthamna ligg no.*

Også etter at moloen kom, hender det at ein fiskestim klemmer seg opp mot land i vika nedom tunellen. Kjell Moss fortel at han ein gong såg at heile vika var blå av småsild. Han henta båt og nót, og fekk fleire kasser med småsild. Dei lagde røykjesild, kryddersild og spekesild, og endå hadde han overskot til agn.

«Brita-Hansen» sette opp naust på holmen i Indre Barmen. Restane ligg der framleis. Her hadde han båten sin, og garn og landnøter. I vågen der hadde han ein fin kasteplass.

Å få fiska i ein slik våg var truleg høgt verdsett. Det går fram av denne historia: På 1860-talet kom Svein Larsson Røsseland til Tysse frå Kvam, og kjøpte fallrettane i Tysseelva. Han selde seinare fallrettane til Samnanger Uldvarefabrik.

Han hadde tre søner, og sørge for at alle fekk seg ei godt utcome her i bygda. Den eldste vart jakteskipper, og den mellomste vart bankdirektør. Den yngste, Svein Sveinson Røsseland (1864–1949), «Barma-Sveid'n» eller «Vetle-Svein», vart eigar av ein gard som vart skilt ut frå Ytre-Tysse.



*Indre Barmen. I forgrunnen: Taket på nótabua på holmen.*

Eigedomen har bruksnummer 2, og ligg ved vågen i Indre Barmen. Sjølve bruket er ikkje stort, men gav truleg ei god utkome likevel. Nótabua på holmen seier sitt. Det vesle bruket eig også den ytre delen av Førøyna. Stranda som ligg der, må ha vore ein god plass å kasta etter sild. Rett ved stranda ligg grunnmuren etter ei stor nótbu. Så vi må tru at også yngstemann fekk ei godt utkome.

### **Heimafiske etter sild og brisling**

Landnótfiske krev samarbeid. Når fangsten var sikra, var det mykje som skulle gjerast. Det illustrerer denne historia frå slutten av 1950-talet:

John Sandvik (1919–1992) hadde fått eit fint kast med brisling i Aldalen. For å verta av med fisken måtte han fraktast til ein opptaksbåt ved Steinslandskulen, der han låg og henta brisling frå eit anna steng. Jon hadde med seg tre kameratar, Olav Moss, Leif Drevsjø og Konrad Lønnebakken. Kjell Moss, som fortel, var berre 8 år denne gongen, og det var første gongen han fekk vera med.

«Vi hadde to store robåtar som vart fylte til ripa med brisling. Begge båtane var lange færingar, og det var så vidt dei hadde fribord. Vi hadde ikkje redningsvestar – ingen tenkte på slikt den gongen. Alle var stua saman i snekka til Jon, for i dei andre båtane var det ikkje plass.

Då vi kom til opptaksbåten, måtte to mann gå i robåten, for å skuffa brisling opp ei lita tønne. Dette var skjeppe målet – brislingen vart målt i skjeppe. Ei skjepe fisk er 20 liter. Så løfta dei skjeppe målet opp på dekket til opptaksbåten, der brislingen vart tømt i kasser. Kassene vart stabla og løfta vidare ned i lasterommet med vinsj. Der stod to mann, éin som heiv is på kassene med skuffe, og ein annan, som stabla kassene under dekk.»

Kjell kom altså tidleg med, og vart biten av basillen. «Eg var så interessert at om det var ein båt her i fjorden, som hadde gjort eit kast, så rodde eg ut og snakka med dei, og fekk dei til å fortelja.»

Den tida måtte ein vera konfirmert før ein fekk lønna arbeid, og straks Kjell var konfirmert, vart han med som byssegut og dekksgut på ei skøyte frå Austevoll. Som vaksen har han brukt det meste av fritida på fising.

## Rusefiske etter ål

Rusefangst er ein eldgamal fangstmetode. Moderne ruser er laga av plastspiler og nót. På det første bildet i denne artikkelen har Hans Ragnel Nilsen ei åluse av fletta brake på ryggen.

Når dei fanga ål med ruse, nytta dei småsild som agn. Ein brønnbåt frå Tysnes kom og henta ål hos fleire langs fjorden. Det var Moss-gutane på Haga, Knut Litlid i Barmen, Bernes i Setervika og Jørgen Jørgensen på Utskot. Ålen vart til røykt ål, som er svært etterspurt i Danmark.

No er ålen raudlista. Yngelen kjem med Golfstraumen frå Sargassohavet til Europa. Her lever han i ferskvatn eller brakkvatn i 10 til 20 år, før han gir seg i veg tilbake til Sargassohavet for å gyta. Frå om lag år 2000 har ålen vore i kraftig tilbakegang. Havforskningsinstituttet trur at årsaka er høgare vassstemperatur i yngelen sitt oppvekstområde.

## Makrell og størje

Kommersielt fiske etter makrell og størje skjer no mest til havs med ringnót. Men sommarstid kjem makrellen framleis inn fjorden, og det er mange som dorgar etter han.



*I Søvika er det fleire gode plassar å kasta nót. Her har det tidlegare også vore handelsplass.*

Tidlegare nytta dei drivgarn, men dette er no forbode. Drivgarnfisket skjedde om natta, og kunne vera slitsamt. Ei lang garnlenke vart festa til båten, som så låg og dreiv. Dei måtte sitta i båten fleire nattetimmar og venta. Somme hadde kahytt, og kunne legga seg til å sova. Då det lysna, trekte dei garna. Ofte fekk dei fleire kasser med makrell. Så var det heim og sova litt før dei fór for å selja fangsten. Av og til fekk dei dei «ekstrafangst». Kjell og broren fekk ein gong ein laks på 14 kg i makrellgarnet.

Trygve Tysse (1917–1998), som budde i Søvika på Ådland, hadde gavlabåt og nótbu. Bua står der ennå, og ho har søyler som hindra rottene i å komme til i nøtene når dei hang til tork. I Søvika er det fleire gode kasteplassar, og Trygve fekk bra fangstar. Ein gong fekk han 1000 kg makrell på landnót.

Størjefiske var ekstra spennande, men det gjekk ikkje alltid bra. På Fiskaneset på Ådland budde Isak Våge (1890–1971). Han var skomakar og hadde vore styrmann i utanriksfart. Han hadde nótahus, med gavlbåt og nótbruk. Han kasta etter brisling, sild og makrell, og hadde også lyskastar for å trekka til seg fisk.



*Ca. 1930. Oldefar til Nicolai Blom, Hans Nilsen Tysse (1870–1946), sit i naustet med ei størje han har stukke.*

Det var ein gong Isak hadde eit makrellsteng liggjande i strandkanten. Det var søndag, og karane gjekk oppe i vegan og prata. Så vart dei vare ei stor størje som hadde kome seg inn i stenget. Dei kom på at dei ville prøva å stikka størja med eit gammalt størjejern dei hadde.

Dei visste at når størja var stukken, ville ho fara ut i full fart. Alle karane skulle halda i tauet, og ein av dei vassa ut til marbakken og stakk harpunen i størja, i det ho for forbi. Det var då det gjekk gale. I staden for å gi ut tau, i det størja for ut, heldt karane att det dei orka. Tauet, som var gammalt og dårleg, slitna, og alle karane for på baken. Størja med størjejernet for utover fjorden. Nóta slitna, og all makrellen rømde. Isak Våge, som eigde stenget, vart ikkje begeistra!

Etter kvart nytta dei harpungevær til å skyta størje. Theodor Gjerde (1890–1986) budde i ein av «boligane» nede i Tyssevika. Han nytta harpungevær. Når han fekk størje, trekte han henne opp i fjøra i Tyssevika. Så skar han betar av fisken, ettersom folk kom og kjøpte.

## Laks

Tysseelva var den beste lakseelva i heile Midthordland. Laksane går opp om sommaren og held seg i elva til dei gyter oppunder jul. Laksestammen er gått kraftig tilbake. I november 2022 var det fagfolk i elva, for å telja laks. Det stod ille til, dei fann berre 36 gyteferdige villaks frå elvemunningen og opp til Frølandsvatnet. Men no er det varsla ein stor innsats for å betra forholda for laksen.

Bildet viser ein typisk Tysse-laks på 1950-talet. Han var slank og lang, med hovud som ein torpedo. Dei store hannlaksane hadde underbit og vart kalla «hakelaks».




*Hermann Røsseland med hakelaks.*

Grunneigarane langs elva, Bruvik og Røsseland, kunne fiska med garn i elvemunningen, på kvar si side. Røsseland hadde garn langs land på nordsida av elveosen, mens Bruvik hadde sitt garn på sørsida. Slik tok dei ofte 8–10 laks om dagen, på mellom 5 og 8 kg. Når dei sette garna slik, kom det også laks forbi, og opp i elva for å gyta.

Grunneigarane langs fjorden hadde rett til å ha kilenót, og på 1950-talet var det fleire som tok fine fangstar kvar sommar. Den tidlegare omtalte «Barma-Svein» Røsseland hadde jakt (seglskute), og dreiv klippfisktransport frå Lofoten i unge år. Han budde i Barmen, og han leia Tysse nótlag. Seinare var det Gerhard Tveiten, som overtok garden og rettane etter grandonkelen. Tysse nótlag hadde nót både i Hagamulen og utfor Førøyna.

Illustrasjon av kilenót  
(Store norske leksikon)







*«Slátte-Knut'n» si kilenót i sjøen utfor Aldalen.*

*Foto: Wiederøes flyveselskap, 1962.*

Laksefisket med kilenót var populært, og ein kunne få god pris for laksen. I Straumsneset, austanfor Skutevika, stod det på 1950-talet ei kilenót. Dette var ein bymann som hadde kjøpt eigedom på Li, og hadde løyve til å fiska på retten til Øvre- Kvernes. Han hadde nokon til å passa nóta for seg, når han sjølv var i byen.

Før var nøtene av bomull, og dei måtte impregnerast for å halda seg. Tidlegare impregnerte («barka») dei nøter og garn med avkok av bork, som dei kokte i ei svær gryte. Mest brukt var eikebork. Kjell Moss fortel at då han var ung, la dei laksenóta i ein dam, og så blanda dei blåstein i vatnet som impregnering. (Blåstein er koparsulfat, som er giftig.)

Dei fiska laks med kilenót til litt ut på 80-talet. Då ga dei seg, for dei fekk nesten berre oppdrettslaks. Forbod mot kilenótfiske kom først i 1989.

Knut Gjerde (1916–2003) – eller Slátte-Knut'n – fiska også laks med kilenót. Til venstre i bildet ser vi kilenóta, med leiegarn frå land. Leiegarnet går om lag 6 m ned i sjøen. Nóta fiska best når det var litt vind, som ga krusning på sjøen.

Vi ser også det raude sjøhuset hans. Knut hadde gavlabåt med overbygg, der han kunne overnatta når han fiska. Steinnaustet til høgre i bildet tilhørde «Slåtte-Rasmus'n» (Rasmus Gjerde 1904–1965).

I tidlegare artiklar har vi nemnt sjøfolk og fiskarar lenger ute i fjorden, på Li, Gaupholm, Utskot og i Trengereidfjorden og Rolvsvåg-grenda. Også der har dei drive heimafiske når dei ikkje var på langfart. Når eg no har skrive mest om folk inst i fjorden, har eg bukt dei som eksempel på korleis det var.

Mykje av fisket i fjorden i dag skjer med garn, etter torsk, lyr og sei. Garnfiske om vinteren er ei kald oppleving, men det er det som gir størst fangst. Når dagens karar trassar kulda, og fiskar med så stor glede og interesse, held dei fram i ein tradisjon som strekkjer seg over mange hundre år, med fiske som livberging.

Men dei som held på i dag, er det ikkje synd på, sjølv om kulda bit. Dei gjer det ikkje fordi dei må, men fordi dei vil. Det finst til og med samningar som ikkje får nok med å driva heimafiske her i fjorden, men som fer nordover i januar for å vera med på Lofotfisket.

*På lofotfiske. Foto: Harald Røsseland.*



# Krigsseglaren Peder Andersen

av Thomas Hellevang

**Peder Andersen frå Samnanger reiste til sjøs som 14-åring, vart krigsseglar og busette seg i Amerika.**

Peder Andersen vart fødd 17.09.1916 og vaks opp på småbruket Nystrand på Gaupholm i lag med søstera si, Alfa Theresa Andersen fødd i 1914. Peder Andersen og Berta Sandvik Espelid, fødd 1884, var foreldra. (Besteforeldra var Peder Sandvik Espelid og Barbru Espelid). Peder vaks opp under fattige tilhøve på Gaupholm. Familien levde i hovudsak av fisk dei fanga i Samnangerfjorden og det dei dyrka på garden. På 1930-talet var det nedgangstider og høg arbeidsløyse som slo innover Noreg.



Peder vaks opp saman med nabogutane Gerhard Lie og Magnus Sandvik. Andre personar han vaks opp i lag med, var Hjalmar Jørgensen, Per Eskeland, Magnus Filligang, og Espelid-brørne frå Kampen: Lars, Peder, Einar, Lauritz og Birger Espelid som var syskenborna hans.

Peder likte godt å vera med bestefaren, Peder Sandvik Espelid. Dei rodde ofte til kyrkja på Ådland frå Gaupholm; bestefaren sa at guten måtte ro litt fortare slik at dei ikkje kom for seint til gudstenesta. Ungguten fekk god trening i å ro med båten til bestefaren.

Unge Peder var også interessert i sykklar; han sparte opp pengar til han hadde råd til å kjøpa ein ny sykkel. Det var ikkje vanleg på 1920–30-talet å kjøpa nye sykklar.

## **Harde kår**

Då Berta Andersen døydde i 1937, flytta faren til Bergen og fekk seg ein ny familie, og bruket vart seld i 1943. Etter at mora døydde, vart den veglause fjellgarden Espelid heimstaden til Peder og systera.

Der budde Erik Espelid, f. 1888, og kona hans, Judith Ludviga Larsdotter Espelid, som var fødd i 1894, samt foreldra til Erik. Erik og Judith hadde sju born: Leif Johan fødd 1917, Peder Normann fødd 1919, Lauritz Ingvard fødd 1920, Einar fødd 1921, Lars fødd 1923, Birgit Johanna fødd 1925 og Birger fødd 1926.

I Kampen (Espelid) var det det ikkje materiell overflod. Det var ein liten vestlandsgard, med bratte lier og bakkar som det er på Vestlandet. Her måtte alle vera med å ta del i gardsdrifta for å få mat på bordet. Dei jobba frå tidleg morgon til seint på kvelden.

## **Til sjøs**

Peder måtte tidleg hjelpa til på fiskebruket til Nygårdsbrørne og på båtane deira. Guten hjelpte til med å setja og trekkja fiskegarn; han fekk 10 øre dagen i betaling. Han måtte tidleg læra seg å arbeida.

Etter konfirmasjonen, 14 år gammal, Peder reiste til sjøs; den fyrste båten han mønstra på, var ein båt frå Bergens-reiarlaget Westfal-Larsen, men det er ukjent kor lenge han reiste for reiarlaget.

## **Edna, Lyra og Rygja**

Peder i mønstra i 1935 på D/S Edna, som var eigd av Det Bergenske Dampskipsselskap. BDS kjøpte båten i 1922. Edna var bygd i 1905, under namnet D/S Christian Gylstoff, og båten gjekk i fart i Danmark. Edna var eit lasteskip som gjekk i kystfart, til Island, langs Norskekysten og til hamner i Europa. Peder var påmønstra to gongar på båten, frå 1. juni 1935 og til 3. januar 1936 og vidare frå januar 1936 til juli 1936. Kva stilling han hadde, er ukjent.

Peder var så om bord på D/S Lyra, som var i det same reiarlaget (BDS). D/S Lyra var ei hurtigrute som gjekk på norskekysten og seinare vart ein Nortraship-båt under krigen. Her reiste den unge sjømannen to periodar i

1936 og frå januar til juni i 1937. Etter det mønstra han på D/S Rygja som var ein lastebåt som var bygd i 1920, og tilhørde Ludwig Mowinckels Rederi i Bergen.

Den unge samningen står deretter oppført med ni ulike båtar han mønstra på frå 1937 fram til 1943 i krigsseglarregisteret. Dette er båtene som er registrerte på Peder Andersen:

D/S Grey County. Påmønstring i Antwerpen 23.12.1937. Belgia.  
Avmønstring ukjent. Stilling lettmatros.

D/S Bencas. Påmønstring i New York 23.04.1938. Avmønstring  
ukjent. Stilling lettmatros.

M/S Belnor. Påmønstring i Takoradi, Ghana 24.10.1938.  
Avmønstring i Takoradi i Ghana 10.06.1940. Stilling lettmatros

M/S Fernmoor. Påmønstring 28.06.1940 i Takoradi Ghana og  
avmønstring i New York USA 03.02.1941. Stilling lettmatros.

M/T Pan Norway. Påmønstring i New York 01.04.1941 og  
avmønstring i Boston USA. 03.10.1941. Stilling lettmatros.

M/S Gundersen. Påmønstring i New York, USA 12.11.1941 og  
avmønstring i New York. USA. 02.01.1942. Stilling matros.

M/T Norness. Påmønstring i New York, USA. 03.01.1942.  
Torpedert 14.01.1942 utanfor kysten av New York av ein tysk ubåt.  
Stilling matros.

D/S Torvanger. Påmønstring New York, USA. 13.05.1942.  
Torpedert av ein tysk ubåt 23.06.1942 utanfor Azorane. Stilling  
matros/skyttar.

M/T Anna Knudsen. Påmønstring i Glasgow. Skottland. 29.07.1942  
og avmønstring New York 04.03.1943. Stilling matros/skyttar.  
(Kjelde: 1)

## **I Dakar**

Peder Andersen var om bord på M/S Belnor som låg i Dakar i Nord-Afrika ved utbrotet av krigen. Peder mønstra på M/T Norness som lettmatros 28. juni, til båten vart torpedert 14. januar 1942, utanfor kysten av USA. Dette var den første båten som vart senka nær kysten av USA. Båten hadde eit mannskap på 41. To mann vart drepne under torpederinga: fyrbøtar Kåre Johan Reinertsen, f. 1918, og smørjar Karl Egil Bremseth, f. 1924.

## **Torpederinga av M/T Norness**

Her er utdrag frå rapport skriven av skyttar 828, som er matros Peder Andersen, etter torpederinga av M/T Norness 12.01.1942. Rapporten ligg i krigsregisteret sine arkiv:

*Eg mønstra på som matros 3. januar 1942, New York. Båten heldt på å montera ny kanon; etter at arbeidet var ferdig, vart båten flytta til eit raffineri for å lasta råolje som skulle til England.*

*M/T Norness skulle segla til Halifax i Canada, der skuta skulle henta ammunisjon til kanona. Vidare kurs etter Canada var til England i konvoi. Me kasta loss og sette kursen for Halifax 11. januar 1942. Eg hadde 4–8-vakta, og etter at vakta var over om kvelden, gjekk eg for å leggja meg, eg skulle på vakt klokka 04.00 neste morgon.*

*Eg bråvakna etter ein enorm eksplosjon. Eg hoppa ned på dørken, fekk ikkje tid til å ta kle på meg. Båten fekk ei kraftig babord slagside. Eg sprang i full fart opp på dekk, der regna det svart, tjukk olje over heile meg. Babord livbåt hang opp ned i sjøen. Eg kom meg over til styrbord side og byrja å hjelpa til med å låra styrbord livbåt ned til havoverflata; me hadde store problem med å få livbåten ned, fordi M/T Norness hadde kraftig slagside til babord. Etter kvart greidde mannskapet å få låra livbåten på sjøen; dei fylte opp båten med 20 sjøfolk, som var det var plass ombord til i livbåten.*

*Brått kom det ein ubåt opp frå djupet, hadde me hatt ammunisjon, skulle jævelskapen fått seg ein salve. Sjøfolka kutta tauet til livbåten, og livbåten kom seg vekk frå M/T Norness. Ubåten fyrte av torpedo nummer som gjekk rett i pumperommet; det vart eit inferno av flammer. Eg huka meg ned mot skottet for å søkja vern mot eksplosjonen, som kasta metalldelar. Etter det andre treffet av torpedoen retta skuta seg opp igjen, og dei greidde å låra livbåt nummer tre.*

*Skipskameratane som var i lag med meg, kom seg ombord i livbåten. Me begynte å ro vekk fra Norness. Norness vart treft av torpedo nummer tre og gjekk ned i det svarte havdjupet. Eg fekk tak i ein ullgenser som vart brukt til bukse og ei jakke til oljehyre. Eg takka min Gud for råolja som eg hadde fått på meg. Olja verka som isolering på kroppen min. Det var bitande kaldt i vinden. Me fekk ein annan matros om bord som hadde vorte plukka opp frå sjøen. Då han vart dregen opp, fraus kledda hans fast, han fekk ullgenser og oljehyre og han fekk av seg dei våte kledda. Det redda livet hans.*

*Me tenkte på kva slags skjebne dei fekk sjøfolka som fall over bord frå livbåten som hang og slang langs skutesida? Det bles sterk kuling, nordakuling. Mannskapet var 100 nautiske mil frå Long Island i New York. Me var overlatne til oss sjølve i det iskalde havet i januarnatta.*

*Drivankeret vart kasta i sjøen, og me låg og dreiv med livbåten til neste dag i det opprørte havet. Då flaug det eit fly over dei skipbrotne, men flyet såg dei ikkje. Nokre timar seinare vart dei oppdaga av eit luftskip som såg dei, og varsla ein militærbåt som kom og plukka oss opp. Me vart frakta til Newport i Rhode Island.*

*I Newport vart me lagde inn på eit militærsjukehus, og me fekk informasjon om at to mann forsvann i djupet. Dei hadde vore i babord livbåt. Det var to norske sjøfolk, den yngste var ein smørjar på 18 år.*

*Etter at me kom ut frå sjukehuset, vart me sende til New York. Då bestemte eg meg for å melda meg inn i marinen for å verta skyttar og kjempa mot tyskarane.*

Ifølge krigsseglarregisteret vart Andersen 07.05.1942 rekna som matros/skyttar til han dimitterte 01.08.1944. (Kjelde 2)

### **Skyttarutdanning**

I 1940 fekk fleire handelsskip engelske soldatar om bord (artilleristar). Det vart mangel på engelske soldatar, og difor måtte Norge trenn opp soldatar sjølv. Dette førte til at Noreg danna eit skyttarkorps utanfor Glasgow i Skottland.

På seinsommaren 1941 var første laget (30 mann) med skyttarar klare;

seinare vart det utdanna skyttarar i Port Edgard og Sydney i Skottland. Skyttarutdanninga gjekk over 2 månader. I 1941 vart det oppretta skyttarutdanning i Canada i Camp Norway; seinare vart det utdanna skyttarar utanfor New York. (Kjelde: 3)

Den skriftlege kjelda til Sjøforsvaret si skyttaravdeling for handelsflåten (S.S.H) er henta frå krigsseglarregisteret som referer til boka «Sjøforsvaret i krig og fred. Langs kysten og på havet gjennom 200 år».

Boka er skriven av Terjesen, Bjørn, Kristiansen, Tom og Gjelsten, Roald, 2010 i Bergen.(Kjelde krigsseilarregisteret.no)

### **Camp Norway**

Peder reiste til den norske marinen sin treningsleir i Canada, og var der frå mars 1942 til mai 1942 for å utdanna seg til skyttar for den norske handelsflåten. (Peder Anton Andersen sine nedskrivne kjelder, Camp Lunenburg, Nova Scotia).

Camp Norway var ein treningsleir som vart oppretta i 1941. Grunnen var at 100 kvalfangstfartøy var på veg til Noreg etter at sesongen var avslutta i Antarktis. Desse båtane vart omdirigerte til Canada av Nortraship.

1200 hundre sjøfolk vart trente opp til å verta skyttarar på ulike skip i handelsflåten, både norske og båtar med utanlandsk flagg. Nortraship vart eit reiarlag med over 1000 fartøy etter at regjeringa i Noreg samla den norske handelsflåten til å verta det største reiarlaget i verda i 1940.

### **Torpederinga av D/S Torvanger**

Dampskipet Torvanger vart bygt i 1920 i England for det bergenske reiarlaget Westfal-Larsen & Co. Dette reiarlaget eigde framleis båten då krigen byrja. Båten gjekk med stykkgoods. Peder Andersen mønstra på som matros/skyttar i New York 13.05.1942. D/S Torvanger hadde då eit mannskap på 37 mann.

Her er samandrag frå dekksgjeldboka:

#### 14. juni 1942:

Båten gjekk frå Halifax i Canada i konvoi. D/S Torvanger var lasta med stykkgoods, kursen var sett mot Alexandria i Egypt, og båten skulle segla via Cape Town i Sør-Afrika.



### 19. juni:

Torvanger fekk ordre om å forlata konvoien.

### 23. juni:

Det var stilt og roleg. På formiddagen vart det eit voldsomt brak som forandra den stille og fine seglasen på eit blikstille hav. Ein torpedo trefte på styrbord side, midt i båten. Kort tid etter kom torpedo nummer to, som trefte båten akter. Båten la seg over til styrbord, og begynte straks å gå ned. Livbåt nummer 1 på styrbord side vart knust av skadane frå torpedoen.

Mannskapet som var på dekk, begynte å låra babord livbåt; telegrafisten og førstestyrmannen hoppa over bord. Mannskapet greidde ikkje å låra livbåten fordi skipet framleis hadde fart, og livbåten låg langs skutesda. Då Torvanger stoppa opp, kom fleire frå mannskapet seg om bord i livbåten.

Ein av torpedoane måtte ha skada hovuddamprøyret; maskinrommet vart fort fylt opp med damp, noko som førte til at båten stoppa. Maskinassistentane, fyrbøtaren og smørjaren vart drepne; dei vart truleg drepne med ein gong då torpedo nummer to trefte skuta.

Resten av sjøfolka kom seg opp i babord livbåt 1 og 2 og på ein gigg og ein flåte. («Gigg» er ein lettboat som vart brukt på diverse typar skip før i tida) Giggen hadde vore lagra på styrbord side under brua. Giggen var skadd og tok inn vatn.

Medan mannskapet heldt på å fordela ut vatn og proviant til livbåtane, dukka brått den tyske ubåten opp til overflata. Tyskarane ville snakka med mannskapet; den eine livbåten med førstestyrmannen, tredjestyrmannen og ni andre menn som var i båten, rodde bort til den tyske ubåten. Soldatar frå ubåten spurde om namnet på skipet og lasta dei hadde om bord, og kva hamn Torvanger hadde kurs for. Førstestyrmannen gav tyskarane svar på spørsmåla.

Ubåtmannskapet gav mannskapet proviant og sigarettar. Nordmennene vart fortalde at posisjonen var 480 mil vest av Azorane. Ubåten forsvann så i havet.

Lekkasjen i Giggen vart reparert. Livbåtane heiste segl. Livbåtane rodde fram til det vart mørkt, då la dei seg alle til ro og dreiv. Det vart strekt ei line mellom båtane, ein vakt vart utplassert i kvar båt.

#### 24. juni:

Klokka fem om morgonen vart det halde ein konferanse, før båtane rodde kvar for seg. Dei hadde òg eit møte seinare på dagen, der dei diskuterte om å fordela sjøfolka i giggen på livbåtane. Forslaget vart nedstemt, då båten som førstestyrmannen var i, hadde 11 menn om bord. Det var òg fullt i båten som kapteinen var i, med i alt 16 menn om bord, og den båten hadde også ein lekkasje, slik at ein heller ikkje kunne ta fleire sjøfolk frå giggen om bord der.

Livbåtane rodde ulikt; kapteinen sin båt rodde meir enn dei to andre. Kapteinen ville fortast mogeleg koma seg i land på Azorane. Dei to andre låg og dreiv, og hamna på forskjellige kursar.

#### 30. juni

Kapteinen sin livbåt vart plukka opp av M/S Ruys som hadde hollandsk flagg, og segla frå Panama til Storbritannia med passasjerar og stykkgoods. Då var dei 120 nautiske mil frå Corvo på Azorane. Kapteinen gav beskjed om at det var to båtar til lenger vest.

Kapteinen Verstelle på M/S Ruys meinte det vart for risikabelt å redde dei, då dei hadde kvinner og born ombord på skipet.

Rett forklaring vert stadfesta av:

- E. Lindstrand, maskinmeister
- E. Andersen Vang, andrestyrmann
- A. Danielsen, kaptein.

Dette er eit utdrag av forklaringa frå overstyrmann 23 juni 1942, ved torpedering av D/S Torvanger 23. juni 1942. (Kjelde: 3)

Livbåten med Andersen og mannskapet som var ombord med han, vart funnen og redde etter 14 dagar av den italienske cruisebåten SS Rex. (Kjelde 10)

### **På M/T Anna Knudsen**

Allereie i juli 1942 mønstra Peder på neste båt i Glasgow i Skottland. Det var tankbåten M/T Anna Knudsen frå Knut Knutsen O.A.S i Haugesund. Båten vart bygd i 1931 på Gøtaverken Mek. i Gøteborg, Sverige. Anna Knudsen vart torpedert i 9. februar 1942 av ein tysk ubåt (skadd) og torpedert 5. oktober 1943. Båten greidde seg likevel gjennom heile krigen utan å gå ned.

Peder var på båten til 4. mars 1943; då mønstra han av i New York. Knudsen-båten var den siste båten han var om bord på som matros/skyttar under krigen. I følge sonen hans, Peder Anton, vart Peder Andersen sjukeavmønstra 1. august 1944 og det varte fram til 26. august 1945, og då slutta han i marinen.

### **Fredstid**

Etter krigen kom Peder til New York til ein kvileheim/rekonvalesentheim; der trefte han kona si Marguerite Elvira Bartels. Ho var der for å koma seg etter tuberkulose. Ho hjelpte også han til å koma seg. Ho kunne også snakka norsk, då foreldra hennar var norske emigrantar.

Dei vart mann og kone 7. september 1945. Ekteparet flytta til Hudson Place i New York, og fekk ein son, Peder Anton Andersen, i 1948. Marguerite Elvira døydde i 2003.

*Peder Andersen  
i 1945 med kona  
Marguerite Elvira Bartels,*



*Foto etter Peder Anton Andersen*

## Slepebåtar i USA

I 1945 begynte Peder å jobba for ulike slepebåtreiarlag i New York, og han jobba på taubåt i New York, statane i nærleiken og på dei store innsjøane (lakane). Han var matros i mange år, og fekk papira som kaptein då han var i 50-åra. Samningen frå Gaupholm flytta aldri tilbake Noreg, og det var truleg mange årsaker til at han vart buande i Amerika resten av livet sitt. Peder var sjømann heile livet.



*Franklin Remainer, ein av slepebåtane Andersen jobba på etter krigen.*

*Foto: Peder Andersen Junior*

## Medaljar

Krigsseglaren Peder Andersen fekk tildelt tre medaljar for innsatsen sin under andre verdskrigen:

Han vart tildelt Krigsmedaljen 15.09.1980. Denne medaljen vart utdelt til personar som personleg har utmerka seg i kamp, privat eller militært anten ved tapper leing eller tapperheit som privatperson. Medaljen vart

tildelt post mortem til norske og utanlandske sjøfolk som hadde kjempa i dei norske styrkane, eller for handelsflåten.

Han fekk også utdelt Deltakarmedaljen i 1947. Kjelde: Peder Anton Andersen, sonen til Peder Andersen. Deltakarmedaljen vart tildelt personar som tok del under kampane frå starten av krigen i april 1940 til slutten i mai 1945. (Kjelde: 4)

Den siste medaljen Peder fekk tildelt for innsatsen sin under andre verdskrig, var Haakon VII's 70-årsmedalje. Skriftlege kjelder frå krigssegjarregisteret viser at denne medaljen vart tildelt norsk personar som tenestegjorde i England 27.oktober 1942. Denne datoen var Kong Haakon sin 70-årsdag. (Kjelde:5)

### **Tilbake til Noreg**

Første gongen Peder Andersen kom tilbake var i 1976, då hadde han vore borte frå Noreg sidan 1938. Då han kom heim. reiste han og kona på besøk til Kampen, til Erik Espelid. Judith var død, ho døydde i 1970. Det var første gongen kona hans var på besøk i Noreg. Dei kom attende til Noreg og Samnanger i 1978.

Eva og Reidar Hellevang tok underteikna, Peder Andersen og kona hans, Marguerite Elvira Andersen, med på besøk til kusina til Andersen på Havsgård i Fusa. Kusina heitte Borghild Havsgård. Der møtte dei også Magnus Sandvik og Andreas Bakke som var vener frå barndommen. Andreas var også søskenbarn.

Peder hadde berre sporadisk kontakt med søskenborna før han kom til Noreg i 1976. Etter det var det Lars Espelid han hadde mest kontakt med, og han budde hos Lars når han kom på besøk. Fleire av gutane til Lars har vore på besøk hos Andersen i New York.

Peder kom på besøk til Noreg i 1992 og 1995, og den siste turen han kom til Noreg og Samnanger, var i 2008; då var han 92 år. Han vitja også Magnus Sandvik siste gongen han var i Noreg. Peder Andersen døydde i 2016; då var han 100 år og to månader.



*Bilete av Peder Andersen og Peder Sandvik frå Noregsbesøk i 1980.  
Foto: Peder Anton Andersen*



*Peder Andersen  
og sonen Peder  
Anton Andersen  
på Peder senior  
sin 100-årsdag  
17.09.2016.  
Foto: Peder  
Anton Andersen*

*Frå Lars Espelid sin  
99-årsdag i Kampen  
(Espelid) 18.06.2022.  
Lauritz Espelid (102 år)  
t.v, Lars Espelid (99 år)  
og Einar Espelid (101 år)  
t.h. Einar døydde i januar  
2023. Lars og Lauritz  
er dei siste attlevande  
syskenborna til Peder.  
Foto: Thomas Hellevang*



## Kjelder:

1. Peder sin fyrste båt.  
<https://skipshistorie.net/Bergen/BRG534JLMowinckel/Tekster/BRG53419200300000%20RYGJA.htm>
2. D/S Lyra. [https://no.wikipedia.org/wiki/DS\\_%C2%ABLyra%C2%BB](https://no.wikipedia.org/wiki/DS_%C2%ABLyra%C2%BB)
3. Registrerte båtar på Andersen i krigsseilerregisteret. [.https://www.krigsseilerregisteret.no/sjofolk/33644/monstringer](https://www.krigsseilerregisteret.no/sjofolk/33644/monstringer)
4. Peder Andersen si sjøforklaring etter torpedering av M/T Norness. <https://www.krigsseilerregisteret.no/sjofolk/33644>
5. Camp Norway. <https://www.krigsseilerregisteret.no/artikkel/431827>
6. Andersen reiser til Canada, etter krigen, vender tilbake til Norge og livet etter krigen. Peder Anton Espelid(sonen til Peder Andersen sine kjelder).
7. Utdrag frå dekkdagbok etter torpedering av D/S Torvanger: <https://www.krigsseilerregisteret.no/forlis/221569/dekkdagbok>
8. Medaljar han fekk utdelt etter krigen: <https://www.krigsseilerregisteret.no/en/skip/21096?page=0>
9. Kong Håkon sin VIIIs 70-års medalje. <https://www.krigsseilerregisteret.no/utmerkelse/258158>  
[https://no.wikipedia.org/wiki/Haakon\\_VIIIs\\_70-%C3%A5rsmedalje#Utforming](https://no.wikipedia.org/wiki/Haakon_VIIIs_70-%C3%A5rsmedalje#Utforming)
10. Andersen vart redda av cruisebåten Rex jamfør Peder Andersen junior sine kjelder. [https://en.wikipedia.org/wiki/SS\\_Rex](https://en.wikipedia.org/wiki/SS_Rex)

# Ein avhalden prest

av Svein Hitland



*Knut Gjesdal og kona Elisabeth  
med eit dåpsbarn, 1959.*

I 1939 kom Knut Gjesdal til Samnanger som prest. Han var tilsett som hjelpeprest i Os med arbeidsstad i Samnanger. Fram til 1949 var han hjelpeprest her, seinare vart han sokneprest frå 1949 og ut 1960. Under andre verdskrigen var det han som hadde ansvar for alle kyrkjelege handlingar både i kyrkja på Ådland og i kapellet på Tysse. Han kom til bygda som prest, men engasjerte seg òg sterkt i det kristelege arbeidet på bedehuset. I tillegg til gudstenester, vigslar, gravferder, dåp, konfirmasjonsførebuing og vitjing hos sjuke tok han aktiv del i det frivillige arbeidet på bedehuset. Han vart nærast å rekna for ein pådrivar i noko av indremisjonen sitt arbeid. Knut Gjesdal var den første faste presten i Samnanger. Her sette han varige spor, og her skal nemnast litt av det han gjorde medan han var her.



Då Gjesdal kom til Samnanger i 1939, var her ikkje kristeleg ungdomsarbeid. Slikt arbeid hadde vore i gang i to tidlegare korte periodar, men no hadde det lege nede i fleire år. Dette ville Gjesdal gjera noko med, og han tok tak i det nesten med det same. 9. juni 1939 kalla han saman til møte for å få i gang eit kristeleg ungdomsarbeid igjen. Han hadde det første møtet heime i prestebustaden og kalla inn to frå soknerådet og to frå organisasjonane.

Presten vart møtt med interesse for tankane han hadde. På dette første møtet vart dei samde om å halda jonsokkveld på Tømmerløypet, og så skulle dei ta til med ungdomskveldar på bedehuset til hausten. Det skulle vera ein komité som hadde ansvar for opplegget på ungdomskveldane. Referatet som presten sjølv har skrive, seier at jonsok-samværet vart mykje vellukka.

### **Krigsåra**

Våren etter, i 1940, kom krigen. Gjesdal heldt likevel fram med ungdomsarbeidet. 25. august 1940 kalla han inn til «rådslagingsmøte» i høve skiping av kristeleg ungdomsarbeid i Samnanger. Denne gongen kalla han inn 13 stk., både kvinner og menn. Møtet var heime i prestebustaden denne gongen òg. Det første presten ville vita, var om dei var nøgde med ungdomskveldane slik dei hadde vore. Tilbakemeldinga var einstemmig: Alle syntest dette var eit flott tiltak. Presten sa litt om sine tankar, m.a. at det måtte vera eit lag til å samla konfirmantane i, både før og etter konfirmasjonen. Gjesdal sjølv har skrive referatet frå dette møtet òg. I tillegg hadde han skrive ei årsmelding som utførleg fortalde kva dei hadde gjort dette første året. Årsmeldinga fortel at komiteen hadde fått i stand i alt 23 møte, og det er lista opp kva talarar som hadde vore brukte. Dei hadde lagsavis, og det står kven som hadde vore bladstyrarar. I tillegg stod det kven som hadde delteke med song og musikk. Mellom dei som hadde sunge, var presten sjølv, saman med kona si. Referata som presten skreiv, vart seinare mønster for nye referat.

Hausten 1940 heldt dei så årsmøte. Då valde dei det første styret. Eit styre på sju personar, fire menn og tre kvinner. Ikkje uventa fekk Gjesdal sjølv flest stemmer, og han vart vald til formann. Johan Fagerlid var vald til nestformann og Ragna Isene til kasserar. Årsmeldinga frå dette første styret vart lagd fram året etter og synte at dei hadde hatt i alt 22 møte. Flest møte hadde det vore på Tysse. Men det hadde òg vore nokre møte

på Tveit, i Sandvika og eitt i Nordbygda. Styret hadde hatt seks møte for å planleggja arbeidet, og rekneskapen viste ei behaldning på kr. 195,63. Laget hadde difor god økonomi.

Gjesdal sjølv var med i styret til 1944. På årsmøtet i september det året sa han frå seg attval. No var tida inne til å gi styringa over til andre. Sjølv heldt han fram som medarbeidar, ein dei kunne spørja om hjelp til kvar tid.

Arbeidet til ungdomslaget heldt fram under heile krigen, men året etter hadde dei færre møte. Det skuldast vekkinga på bedehuset der mange av ungdomane tok del.<sup>1</sup> Seinare under krigen varierte talet på møte ein del, men laget arbeidde heile tida.

Presten såg òg på dei som var litt yngre. Det førte til at han skipa yngreslag også. Då brukte han same framgangsmåten som då han starta ungdomsarbeidet. Han bad inn nokre heim til seg og spurde om dei ikkje burde starta eit yngresarbeid i bygda. Dette var det interesse for, og slik kom yngreslaget i gang. Her òg var presten midtpunktet i starten. Fleire av møta i yngreslaget var heime hos presten, men etter kvart fekk laget òg tilhaldsstad på bedehuset.

### **Jonsokfeiring og søndagsskule**

Som skrive framom, var første tilstellinga for ungdomane jonsokfeiring på Tømmerløypet i 1939. Dette vart starten på ein tradisjon som kom til å vara i mange år. I 1940 var veret så dårleg at dei måtte samlast på bedehuset. Resten av krigstida samlast dei på Tømmerløypet. I 1945, etter at krigen var slutt, samlast dei òg der. Nokre av dei ivrigaste bålbyggjarane var dei som gjekk i yngreslaget. Dei gjorde ein stor innsats med bålet kvart år. Jonsokfeiringa vart ei fellessamling for ungdoms- og yngreslag. Gjesdal ordna det slik at det vart fleire slike felles tilstellingar. Sjølv var Gjesdal med heile tida.

I 1949 markerte dei 10-års jubileum for jonsokfeiringa. Referatet seier at det var 300 menneske på Tømmerløypet, og Gjesdal leia det heile. To år seinare var dei igjen samla til jonsok på Tømmerløypet, og Gjesdal var med og talte; det gjorde Johan Fagerlid òg. Det var song av Tysse song- og musikklag i tillegg til at Mannskvartetten song.

---

<sup>1</sup> Sjå årboka frå 2020, s. 54

Eit tiltak til starta Gjesdal opp med under krigen: Han tok til med søndagsskule i kyrkja på Ådland. Etter at den vanlege gudstenesta var slutt, samla han borna til søndagsskule. Dei kom frå Lia-krinsen, Hisdalen og Nordbygda. Dei som kom frå ytst på Li, gjekk gjennom skogen og brukte nesten ein time. Gjesdal såg verdien av søndagsskularbeidet og starta sjølv opp. Det var viktig for han at borna på ein enkel måte skulle få ei innføring i Guds ord.

### **Fredstid**

7. juni 1945 steig kongen i land i Oslo og var endeleg tilbake på norsk jord. I samband med det hadde ungdomslaget markering på Tysse. Ingen politikar var med, men presten var der. Om kvelden var det oppstilling på anleggskaien kl. 18.30. Dei gjekk i tog frå kaien til bedehuset. Hornmusikken gjekk i spissen. På bedehuset heldt formannen i ungdomslaget, Bjarne Langhelle, tale for kongen. Etter det song dei kongesongen. Og så talte Gjesdal ut frå 1.Pet. 2. 13–14. Mannskoret var der også og song to gonger.

Første påskedag 1942 vart vedkjenningskriftet «Kirkens grunn» lese opp frå preikestolane over heile landet. Gjesdal las det her i Samnanger. I samband med det la eit stort fleirtal av prestane ned embetet sitt. Gjesdal følgde lojalt oppfordringa om at prestane ikkje skulle vera tenarar for dette styret og ta imot løn frå staten. Presten i Samnanger, Knut Gjesdal, var frå då av utan fast løn. Dei som stod bak dette opplegget, oppfordra folk rundt om til sjølve å løna prestane sine. For prestane førte dette til ein svært usikker situasjon. Det gjorde seg gjeldande for presten i Samnanger òg. Slik kunne det bli på ubestemt tid, heilt til krigen var slutt. Kona til Gjesdal, Elisabeth, som då var gravid, flytte difor heim til far sin på Gjøvik og budde der ei tid. Men då situasjonen var meir avklara, kom ho tilbake til Samnanger (sjå Samningen nr. 38/92). I tillegg ville løna kunna variera. Nokre prestar kunne få mindre enn dei elles skulle ha hatt, medan andre kanskje kunne få meir. I sokn der det berre var éin prest, kunne det få mykje å seia kor høgt bygdefolket verdsette presten sin og det arbeidet han gjorde.

Korleis vart det så for presten i Samnanger? Han var åleine prest i soknet. Etter krigen sende biskopen i Bjørgvin ut eit skriv med spørsmål om dette. Biskopen ville vita korleis prestane rundt om hadde klart seg økonomisk

når dei ikkje lenger tok imot løn frå staten. Korleis hadde det gått for dei resten av krigen? Biskopen kom med tre spørsmål som han ville at alle prestane skulle svara på:

1. Korleis var pengar til løn skaffa til vegar?
2. Hadde dei måtta ta opp lån, og korleis skulle eventuelt lånet betalast tilbake?
3. Kor mykje hadde dei fått samanlikna med det dei skulle hatt?

Knut Gjesdal sende svarbrev til biskopen datert 30.7.1945. I brevet gjer han greie for korleis det hadde gått for hans del. På første spørsmålet svara Gjesdal at pengar var samla inn i skulekrinsane i bygda av medlemmer i soknerådet. På det andre spørsmålet, det om lån hadde vore nødvendig, svara han beint «Nei».

Det tredje spørsmålet fekk eit meir utførleg svar:

*«I lønn har jeg mottatt, efter så nøyaktige noteringer som jeg kunne gjøre.»* Så kjem ei utrekning år for år. Samla løn under embetsnedlegginga har han summert til kr. 18.483,70. Etter det følgjer ei oppstilling der han skriv kva han skulle hatt. Det byggjer på grunnløn, alderstillegg, regulerings- og krisetillegg. Til saman i tida frå embetsnedlegginga og til krigen var slutt, skulle han då hatt kr. 13.890,00. Differensen mellom desse summene utgjer kr. 4.593,70 som han då hadde motteke meir enn ordinær løn. Det han hadde fått meir, var betydeleg. Summen utgjorde nærast ei heil årsløn. Dette hadde Gjesdal teke opp med soknepresten i Os, Gunnar Flaatten, som var sjefen hans. Spørsmålet var om han kunne ha alt. Og soknepresten hadde svara at det kunne han. Flaatten sa han kunne sjå på det som reisepengar. Gjesdal farta nemleg mykje rundt i samband med tenesta si. Kvar tredje søndag hadde han gudsteneste i ein av utkantkrinsane, og avstandane var store. Gjesdal var ein engasjert prest, ikkje berre ein embetsmann.

Truleg er dette eit tydeleg uttrykk for kor høgt bygdefolket sette presten sin, og kor høgt dei verdsette innsatsen han gjorde under krigen. Sjølv heldt Gjesdal fram med arbeidet på same måten etter at krigen var slutt òg.

I 1945 var det nokre som ønskte å starta eit lokallag for Kr.F i Samnanger. Dei fekk Knut Gjesdal med. Han ville gjerne vera med å støtta opp om eit parti som skulle arbeida for å ta vare på dei kristne verdiane i samfunnet.

I august 1945 konstituerte det nye partiet seg. Då vart Knut Gjesdal vald til kasserar. Formann eller nestformann ville han ikkje vera. Som prest syntest han ikkje at det skulle vere ei oppgåve for han. Men kasserar var han i mange år.

Fleire gonger etter krigen var det stemne i Rolvsvåg. Slik var det t.d. 26. august 1951. Då var det tale av Knut Gjesdal. Til denne stemna kom det folk frå Bogøy og Samnøy òg. Dei kom i båt over fjorden. Gjesdal var ein prest dei gjerne ville høyra.

Nordvikseterstemna har ein lang tradisjon i Samnanger.<sup>2</sup> I Gjesdal si prestedid var han talar der fleire gonger. Det same galdt stemne i Grønsdalen. Der veit me at presten òg var leiar for stemna nokre gonger når andre var der og tala.

I 1952 var Knut Gjesdal med og starta Samnanger Bibellag. Laget vart tilslutta Det Norske Bibelselskap. Dei hadde som målsetting at alle som ønskte det, skulle ha ein bibel. Dette laget var i drift til starten på 60-åra. Etter den tid har det vorte vanleg at ein markerer bibeldagen i Samnanger. Då Nesodden bedehus vart vigsla i 1960 vart det gjeve ein bibel i gåve frå Samnanger Bibellag. Inne i denne Bibelen er det skrive med penn: «Til Steinsland krins bedehus, frå Samnanger bibellag. 3/4 1960.»

Nesodden bedehus vart som nemnt vigsla i 1960. Huset tilhøyrrer Indremisjonen. Mange stader er det slik at Indremisjonen vigslar bedehusa sine sjølv. Men slik vart det ikkje i Samnanger. Der bad dei sokneprest Knut Gjesdal om å stå for vigslinga. Dette gjorde han med stor glede. 3. april 1960 vart Nesodden bedehus vigsla. Gjesdal gjorde det som noko av det siste medan han var prest i Samnanger. Vigslinga var samtidig avskilsfest for han. Ein stor flokk fylte huset, og det vart ein festdag. At han fekk oppgåva er uttrykk for den tilliten dei hadde til mannen.

---

<sup>2</sup> Sjå årboka for 2008, s. 64

### **På vitjing**

Knut Gjesdal var tilbake i Samnanger i 1990 då Nesodden bedehus var 30 år. Han var invitert som talar. Det vart då gjort eit kort intervju med han. Gjesdal sa m.a. at minna frå krigen kom særleg sterkt fram når han var her. (Sjå Samningen nr. 15/90). Jubileumsfesten i 1990, der det var gjensyn med «gamlepresten», vart ei stor oppleving for dei som var der. Og dei var det mange av (130), for bedehuset var fullt. Etter at festen var slutt, tok det lang tid før bedehuset var tomt. Det var så mange som ville helsa på og prata litt med «gamlepresten».

Knut Gjesdal var òg tilbake i 1992. Då var det 50-års konfirmant-jubileum. Altså jubileum for dei som var konfirmerte i 1942, midt under krigen. (Dette er referert i Samningen nr. 37/92.) Då hadde han med ei skriftleg helsing til bygdefolket. Helsinga står i Samningen nr. 38/92.

I tillegg til at Knut Gjesdal var tilbake her eit par gongar, var det òg nokre frå Samanger som vitja han på Sørlandet, der han budde seinare. Dei kom tilbake til Samnanger med gode helsingar. Mange sette stor pris på det.

### **Kjelder:**

- Det kristelige ungdomsarbeidet i Samnanger 1930
- Referatbok for det kristelige ungdomsarbeidet i Samnanger 1940
- Svarbrev til biskopen datert 30/7 1945.
- Samningen nr. 15/90
- Samningen nr. 37/92
- Samningen nr. 38/92.
- Intervju med Lars Espelid 12. nov. 2020.

# På gjengrodde tufter

av Svein Egil Kvale



*Utsyn frå husgrunnen i Solåsen. På 1860-talet  
var det nok mindre vegetasjon.*

## **Solåsen – draumen om eit betre liv**

Nils heitte den unge mannen som ein dag stod oppe i åsen og såg føre seg eit nytt og betre liv. Han hadde alt vorte kjær i Barbro frå nabogarden og vona å få leva resten av livet saman med henne.

Slik kunne ein ha starta ein roman om dette unge ekteparet som med stort mot valde å slå seg til høgt oppe i Nordvikamarka. Kanskje dei såg føre seg at fleire skulle koma etter, og at det med tida skulle verta eit lite samfunn her oppe. Rett nok låg staden langt til fjells, men graset var saftig og godt og kunne gje næring til ein større buskap. Ein kunne og livnæra seg av jakt og fiske i fjellet. Alternativet var å bli husmannsfolk

nede i bygda eller utvandra til Amerika. Det freista nok ikkje, når ein sjølv var oppvaksen på gard og van til eit friare liv.

Nils Tomasson Reistad var fødd i 1816 og kom frå den garden på Reistad som framleis vert kalla Utgjerdet. Ho som vart kona hans, Barbro Olsdotter Reistad, kom frå nabogarden og var fem år yngre enn Nils. 17. mai 1846 vart dei gifte i kyrkja på Ådland.

Den eitt år yngre broren til Nils, Knut Tomasson Reistad, hadde alt slege seg til oppe i det same området. Nokre år i førevegen vart han gift med Brita Johannesdotter Hildersmark frå nabogarden Hildersmark. Hildersmark eller Hildershaugen var opphaveleg ei utmarksslåtte som hørde til Steintveit, og vart kjøpt i 1832 av Johannes Hildersmark og vart eige bruk. I 1842 fekk Knut Tomasson skøyte på bruket hos svigerfaren, og han og kona tok då over garden.

For Nils og Barbro skapte det tryggleik å ha slektningar i nærleiken om noko skulle skje, og dette var nok ei medverkande årsak til at dei unge våga å slå seg til oppe i Nordvikamarka. Dei følte seg på ingen måte åleine no, sjølv om det kunne vera strabasiøst nok å koma seg fram mellom Solåsen og Hildershaugen i meterhøg snø vinterstid. Kanskje hadde dei trass alt gjort eit riktig val?

### **Lukka vart kort**

I oktober 1846 kjøpte Nils Reistad ein del utmarka som hørde til Nils Knutsson Nordvik sitt bruk i Nordvika. Nils Knutsson Nordvik og kona Synneva Nilsdotter hadde flytta til Nordvika året før frå Vaksdal saman med dei to eldste borna sine. Ein kan tenkja seg at dei hadde behov for midlar til å kjøpa garden i Nordvika, og at dette var grunnen til at dei var viljuge til å selja ein del av utmarka. I alle høve vart det halde «Delings- og Skyldsætningsforretning» som det heiter i dokumentet frå tinget i Holsund i 1847. Med dette så skulle alt vera lagt til rette for eit godt liv som sjølveigande bønder.



## Utskrift frå Sorenskrivaren i Midhordland II.B.a.7, Pantebok, Nhl. og Os, 1846-1862

### Sommerthing for Ous Skibrede 3de og 4de Mai 1847 paa Stedet Holdsund, og blev den sidste Dag følgende Documenter læste.

#### 37.

Delings- og Skyldsætningsforretning. Efter Requisition af 5 Octber 1846 indfandt vi os nemlig Samuel Andersen Gjærde, Anders Johannesen Hage, Hans Johnsen Svendsalen og Samuel Olsen Houkenæs paa Gaarden Nordvig den 19de samme Maaned og afholdt en Delings og Skyldsætningsforretning over en Andeel af Niels Knudsens brug i Gaarden Nordvig nyt Matr. No 49 i Ous Skibrede og Skyld 1 Skylddaler 4 ort 13 s gammel do 18 Mrk Smør ¼ Hud ¼ Gedeskind. Efter Fogdens Opnævnelse i den fremlagde Requisition foretog vi og afholdt Delings og Skyldsætningsforretningen over en Andeel af Niels Knudsens Brug i Ovenmeldte Gaard som Niels Thomassen Reigstad har tilkjøbt sig. Hvilket jordstykke kaldet Salaasen tilligemed et Slaattestykke kaldet Tronvandslien samt Skovstykket, Østerlien kaldet. Skiftelinien omkring bemeldte jordstykke Solaasen tager sin Begyndelse i Tranevandet ved et der opført Gjærde følger omtrent i sydlig Rætning til et Bjerg, følger derefter Bjerglaget i sydlig Retning lige til et Sted kaldet Maaltemyrbjerget hvori blev hugget +. Derefter i vestlig Retning til en stor Steen hvori er + og derfra i samme Retning til en Steen i Trangelsbrunnen hvori der er + gaær derfra i nordlig Retning til + i et Bjerg og derfra i omtrent væstlig Retning til + i et Bjerg ved et Sted kaldet Høiaassmættet derfra i nordostlig Retning efter et Bjerglag, og deels Ilag, lige til Høiaaskjønnen gaær derefter omtrent i nordvestlig Retning over bemeldte Kjøen lige til dens Udløb og tager siden Bækken til Tronevandet hvorefter den følger bemeldte Vand i omtrent østlig Retning til forstnævnte Sted hvor ovenmeldte Skiftelinie tog sin Begyndelse. Skiftelinien omkring ovenmeldte Slaattestykke Tronevanslien kaldet er omgrændset af følgende Skiftelinie : Paa Sydsiden af Tronevandet og paa V og N Siden omgrændset af et stort Bjerglag og paa Ø Side af en stor Steenuhr, samt et opført Gjærde fra Uhren til Vandet i den saakaldte Tronevandsvigen. Skoven. Skovstykket Østerlien kaldet er omgrændset af følgende: Paa vestsiden af et Vand kaldet Tikjevandet og paa nordvestre Side udskillet med en Skiftelinie mellem Thomas Hansens Brug i Gaarden Nordvig samt paa østre og sydlige Side ved en Udskiftningsforretning af 4 Mai 1830 mellem

*Grensene, tinglesne på snirklete dansk for 176 år sidan, gjeld framleis.*

Stova som Nils fekk sett opp i Solåsen, var 7 x 8 alen. Det tilsvarar omtrent 4,40 meter x 5 meter etter våre mål. Noka stor stove var det ikkje, men stor nok til at det unge paret kunne greia seg i fjellet. I kjellaren var det plass til husdyra. Nils må ha vore ein mann med stort pågangsmot og arbeidsvilje, for på kort tid makta han å setja opp steingardar og ein torvgard som ein framleis finn spor etter.



*Hustufta i Solåsen*

### **Drama i fjellet**

Eit par år etter at dei sette seg til i Solåsen, skjedde det noko dramatisk som kom til å endra livet til det unge ekteparet. I ein kraftig storm vart stova deira kasta av murane. No hadde dei ikkje berre seg sjølv, men også eit lite barn å ta omsyn til. Kanskje var det dette som gjorde at dei forstod at livet oppe i høgda ikkje gjekk i lengda. Ein må rekna med at dei valde å flytta ned til slekta på Reistad igjen, når det vart ulevelig oppe i høgda.

Broren og svigerinna til Nils, Knut og Brita Hildersmark flytta til Lekven i Os i 1849. Med dette var brått dei næraste slektningane til Nils og Barbro

borte. Nye familiar kom til på Hildersmark, og på nabogarden Myrland var det stadig skifta av eigarar. Det såg ut til at livet oppe i høgda vart for utfordrande for dei fleste. Dei lange og stormfulle vintrane med meterhøg snø gjorde nok sitt til at mange fekk nok.

I Solåsen kom det aldri til å bu folk igjen. Garden vart kjøpt i 1854 av to bruk på Rødne, som bygde utløer og hadde slåtter her.



*Kart over Solåsen, som òg syner om lag kvar skogteigen (Austelia) og slåtta (Tronvasslia) låg. Den store raude sirkelen syner kvar husgrunnen er; den vesle viser «Urautlø» der det enno står høge murar.*

### **Kjøndalen (Oster-Kjøndalen, Tjørndalen)**

I 1847 flytta Haldor Mikkjelsson Langhelle (1819–1908) til det som ein kalla Kjøndalen høgt opp i fjellet over garden Sandvik i den dåverande Bruvik kommune. Han hadde vore tenar på garden Sandvik i 10 år før han valde å flytta opp i fjellet. Den første tida han var bureisar i Kjøndalen, budde han under ein primitiv heller. Etter ei tid under helleren fekk han kjøpa stova frå Solåsen i Nordvikamarka for 2 spesidalar. Stokkane frå stova i Solåsen bar han over fjellet, så det vart nok mange turar og tunge bærer for å få alt på plass i Kjøndalen. Denne stova er framleis ein del av det huset som står i Kjøndalen i dag.



*Huset i Kjøndalen (Tjørndalen).*



*Garden Lyngbø i Fana.*

## **Ny von**

Etter nokre år på Reistad, augna Nils og Barbro ny von i Fana. Kanskje var det andre samningar som var flytta til det same området, eller draumen om ein meir lettstelt og betre gard som lokka dei dit. I alle fall så bygsla dei garden Lyngbø i Fana i 1854. Garden ligg tett ved kommunegrensa til det dåverande Os oppe i ein bakke tett ved Bahusvatnet. På den tida Nils og Barbro flytta dit, stod følgjande hus på tunet: ei røykstove med eldhus i søre brystet, ei løe, eit fjøs med to svaler og skut, og eit sauehus. Om innmarka på garden står det i ein protokoll frå 1843 at den var «ganske god til Høi og Korn». Dette var nok ei stor betring frå tida i Solåsen der graset vaks seint og korn ikkje kunne dyrkast.

## **Nye tragediar**

Etter berre fem år på Lyngbø, måtte Nils flytta frå garden. Den tragiske grunnen til dette, var at han som så mange andre på den tida, vart spedalsk og hamna på Pleiestiftelsen for spedalske i Bergen i 1859. Der døydde han alt 16. september 1860, 44 år gamal.

Dei to borna som han hadde saman med Barbro, Tomas fødd 1848 og Anna fødd 1851, døydde begge to 12. januar 1862, 14 og 11 år gamle. I klokkeboka for Fana prestegjeld står «halsesyge» som dødsårsak for begge to. Ein kan berre tenkja seg til kva uendeleg sorg alt dette førte til for Barbro.

37 år gamal stod Barbro åleine saman med dei to borna frå det første ekteskapet. Men alt det same året som første mannen døydde i 1860, fann ho seg ein ny mann. Den nye mannen var den 52 år gamle enkjemannen Hans Danielsson Kuven. Heller ikkje denne gongen skulle lukka vara særleg lenge. I 1866 døydde også den siste mannen hennar. Saman fekk dei tre born som vaks opp: Anna Kristine fødd 1862, Anna Nilsine Tobia fødd 1864 og Hans Olai fødd 1865. I 1873 kjøpte Barbro garden på Lyngbø for 150 spesidalar, så det ser ut for at ho greidde seg godt økonomisk trass i all den personlege ulukka. Det var nok ikkje mange enkjer på den tida som hadde råd eller tiltak til å kjøpa seg ein gard, så dette fortel vel noko om kva eigenskapar som budde i Barbro. Her var det ei kvinne med tiltak som ikkje gav opp trass mykje motgang.

## **Drapet**

I 1877 vart garden seld til ein ny eigar, Knut Monsson Kismul. Avtalen var at Barbro framleis skulle bu på garden og få kår av den nye eigaren. Ein må rekna med at ho skulle få kjøt, poteter og mjølk som vart produsert på garden, slik at ho kunne livnæra seg og dei tre borna. Slik gjekk det ikkje, og etter berre eitt år skjedde det noko dramatisk på garden:

20. juni 1878 vart Barbro slegen i hel av kårystaren sin!

Kva som låg til grunn for dette drapet kan ein vel berre spekulera i, kanskje vart vilkåra hennar for krevjande for den nye eigaren, eller var det usemje om drift og betaling? I klokkeboka for Fana står det at Barbro vart drepen, og at det ved avhøyr kom fram kven som stod bak ugjerninga.

I Bergens Tidende frå 3. mars 1879 står det følgjande å lesa: «Gjennem det norske Telegrambureau Kristiania den 1ste Marts Højesteret stadfæstede idag Bergens Stiftsoverrettsdom af 2den Decbr. 1878 hvorved Knud Monsen Lyngbø ilagdes 13 Aars Strafarbejde i Kristiania».

Drapsmannen fekk si straff, og garden på Lyngbø vart seld på ny straks etter. Dei tre borna frå det siste ekteskapet til Barbro vart alle gifte og flytta til Bergen. Ein kan berre tenkja seg at drapet på mora sette sine djupe spor i dei og. Ikkje utan grunn vart ingen av dei buande på garden.

Slik enda den tragiske historia om Barbro og Nils frå Solåsen.

## **Kjelder:**

Lauvskard, Nils (1930) Samnanger I, Bergen

Larsen, Jacob T (1984) Fana bygdebok, Gards- og ættesoge bd. 4, Bergen

Skre, Brita (1974) Vaksdal bygdebok, Bruvik sokn bd. 1, Bergen

Bergens Tidende 3. mars 1879 (frå BT sitt historiske arkiv)

Digitalarkivet – Klokkebok for Fana prestegjeld, Fana sokn 1860–1888

Samtaler med Øyvind Røen

# Møbelfabrikken i Eikedalen

av Svein Egil Kvale

Fire unge menn frå Eikedalen var dei som sette i gang møbelfabrikken. Dei fire var brørne Nils, Peder, Johannes og Sigurd Eikedal. At dei sette i gang noko slikt i Eikedalen, var nok ikkje heilt tilfeldig. Alle fire var svært nevenyttige og såg moglegheitene som låg i lokal møbelproduksjon. Faren deira, Samuel Eikedal, var og nok ein pådrivar i dette. Samuel kom frå Jarland og vart gift i 1898 med Sofie frå Eikedalen. Han var ein dyktig bonde som rydja mykje ny jord og auka buskapen mykje etter at han overtok garden i Eikedalen. Dessutan var han interessert i trearbeid, og han hadde godt ord på seg for å laga tresko og tresleiver. I nabokommunen Kvam var det alt fleire møbelfabrikkar som var i full drift med gode resultat, så kvifor skulle ein ikkje og få til noko slikt i Samnanger. Eikedalen hadde den fordel at staden låg rett ved hovudvegen mellom Samnanger og Hardanger, så det ville verta lett å frakta dei ferdige møblane vidare anten austover eller vestover.

*Møbelfabrikken på 1930-talet. (Fargelagt).*



## Kraftverket på Fossen

Samuel Eikedal og sønene Nils og Johannes hadde planar om å byggja eit kraftverk på Fossen. Staden ligg midt mellom utløpet av Eikedalsvatnet og Fossen Bratte. Der stod det alt eit gammalt kvernhus og ei tømmer sag frå før, så her var det og gode mogelegheiter for noko større. Johannes Eikedal kjende Olav Bergmann som var driftselektrikar på kraftstasjonen på Frøland. Dei drøfta korleis ein kunne utnytta den same krafta som dreiv kvernhuset og saga til eit lite elektrisk kraftverk. Det var ikkje tale om noko stort fall på denne fossen; noka demning ville dei ikkje byggja, men heller utnytta den naturlege demninga som var på nordsida av elva. Johannes vart sjuk, så det vart brørne og gode naboar som måtte starta grunnarbeidet med kraftverket.



*Det gamle kvernhuset på Fossen med røyrgater i bakgrunnen. (Fargelagt).*

Til å begynna med produserte kraftverket berre 5–6 KW, men etter at det vart mura opp ei betre demning og røyret ned til stasjonen vart skifta ut til ein større dimensjon, så kom ein opp i ein produksjon på 20 KW. Det vart mykje arbeid med å driva kraftverket og halda det i stand, så det vart mange turar til fossen. Ein gong fraus vatnet i røyrane; ikkje var det råd å tina opp heller, så då måtte ein fint venta til våren. Først etter at ein fekk knyta seg til BKK sitt nett og Eikedalen fekk elektrisk lys i 1952, så vart dette private kraftverket overflødig og ein var sikra stabil straumforsyning. Ei ny utfordring vart det at motorane i dei gamle maskinene måtte skiftast ut for å vera compatible med det nye straumnettet.



## Den første tida

Kring 1935 starta ein gravearbeidet til den nye møbelfabrikken. Det vart mura ein låg grunnmursokkel som ein rekna med skulle kunna bera eit stort bygg med to høgder. Berre første høgda skulle nyttast som møbelverkstad. Grunnarbeidet som vart gjort på 30-talet, skulla seinare føra til mykje arbeid for dei som eig bygget i dag. Materialane vart henta frå ulike trevareleverandørar i Norheimsund og Strandebarm.

Nils Eikedal, som hadde gått i snikkarlære i Strandebarm frå 1932 til 1935, der han hadde budd hos slektningar, hadde eit særst godt utgangspunkt for å starta med møbelproduksjon. Ole Totland fortel at når Nils skulle heim på besøk til Eikedalen, så gjekk han vanlegvis over fjellet frå Strandebarm. Den eldste broren, Peder, som hadde utvandra til USA i 1923, var heime på besøk i 1929.



*Anne-Lise og Peder Eikedal.*

*Bilete teke utanfor møbelfabrikken. (Fargelagt).*



Peder vart gjort kjent med planane til brørne, og i 1935 vende han tilbake til Noreg og busette seg i Eikedalen. Han ville gjerne hjelpa til økonomisk, men det var broren Johannes som var mest oppteken av korleis ein skulle skaffa dei ulike tinga som høyrde med til fabrikkjen. Frå ein leverandør i Bergen vart det kjøpt inn ei ny kombinert høvle-, frese- og boremaskin. Ein hadde også skaffa seg bandsag og boremaskin, så alt var på plass som skulle til for å få fabrikkjen i gang. I 1936 starta ein i alle fall opp med produksjon på fabrikkjen, og Eikedals møbelfabrikk vart ein realitet.



*Seng laga av Sigurd S. Eikedal.*

### **Lysfest i Eikedalen**

Det same året vart det halde lysfest i Eikedalen i den nybygde møbelfabrikkjen, for no hadde heimane i Eikedalen endeleg fått lys. Dei som budde på feil side av grenseelva mot Kvam, såg med lengting mot lyspærene som skein i mørket i Eikedalen. Hadde dei berre vore så heldige å kunna bu i Eikedalen! Det var likevel ikkje berre til glede å måtta dela straum med møbelfabrikkjen. Når alle maskinene i fabrikkjen gjekk samstundes, så vert det sagt at det var dårleg med lys i lyspærene heimane i Eikedalen som og fekk straum frå det same kraftverket.

Om denne lysfesten skriv Johan Eikedal (1910-1943)<sup>1</sup> følgjande:

*Lys fest i Eikedalen den 11. januar 1936*

*Lørdags kvelden arrangerte lysfest sønnene Samuelsen invide lyset og nye verksteds gulvet. Jeg laget meg byttet på meg og gikk innover klokken halv 9 om kvelden. Første mann var jeg. Du kan tro var fint dekket på bordet og dekorert med papir under taket. Om stund kom Arne (Malje?) og Gudrun Aslaug best kom Knut, Gundhild og Eikedalen og Jenny, Martha, Bergit, Pernille og Nils og Trygve vandrendes med mange flere. Vi fikk mat kaffie og alminnelig mat. Første bordsetning var jeg med. Vi fikk dram opp hos Pelle på værelse og bar av sted til verksteden. Johannes begynte å spille opp til dans. Da begynte også dans første dans på gulvet. Best som var kom Nils med vins i spand rundt til hver, så begynte spile igjen. Best kom Samuel og Sofie med ved fang og torv feng. De kan tro klappet i hendene og trampet i gulvet. Om stund danset de igjen, skrattet i mellom pausene av Eikelider stundo. Da kom så skulde få mat i gjend. De var chokolade og fine kaker. Bernt Tveit holdt bord tale riktig godt. Da vi var ferdig igjen så på verksteden og danset. Jeg var en stund og da gikk jeg hjem igjen og la meg til sove. Det var en storartet fest og flott også. Nu husker ikke mer. Hva bliver neste fest det var første på nyeåret. Skøteåret, de blir vel var flere gjerne mon tro. Skrevet halv 6 om mandagskvelden 13.1.1936*

### **Stressless frå Eikedalen**

I møbelfabrikken laga dei skjenkar, salongbord, spisebord, stolar, skåp, hyller og møblar til soverom. Materialane som vart nytta til møblane, var i all hovudsak furu og bjørk. I dei siste åra tok dei og til å nytta mahogni som materiale. På borda og andre av møblane vart det òg limt på tynn finer før dei til slutt fekk dei eit lag med lakk. Sjølv om dei hadde mange maskiner til hjelp, så tok det tid å laga ferdig eit møblement. Vanskelege utskjeringar fekk dei hjelp med av fagfolk frå Vikøy og Øystese i Kvam. Dei mange salongborda med dei utskorne kuleføtene finst det nok framleis ein god del av både i Samnanger og andre stader. Mange er det nok òg som har teke vare på dei vakre skjenkane med utskjeringar på.

Som ein kuriositet kan ein nemna at dei òg laga det som var forløparar til dei berømte stresslesstolane. Dette var lenestolar der underdelen kunne slåast ut, lenge før nokon andre hadde tenkt på dette. Først i 1970 vart det teke patent på slike stolar i Noreg.

---

<sup>1</sup> Johan Eikedal (1910-1943) var son til Nils og Johanna Eikedal og hadde dei første barneåra i USA. Han kom bort i ei bilulukke i Eikedalen.



*Salongbord med kuleføter laga i Eikedalen.*



Nokre av desse stolane har familien framleis teke vare på. Tenk om det hadde vorte noko meir av denne produksjonen. Då kunne Eikedalen vorte stad for eit nytt møbeleventyr som det dei seinare opplevde på Sunnmøre.

*Biletet syner ein av «stresslessane» som vart produsert i Eikedalen.*

Møblane vart i starten selde privat, men etter kvart var det òg mange bergensarar som kjøpte møblar her. Etter at hyttebygginga i Eikedalen og Kvamskogen skaut fart, vart det ein god marknad for møbelfabrikken. Til og med austpå hamna møblar som var produserte i Eikedalen, så det fortel nok sitt om kvaliteten på desse møblane. For å lokka til seg potensielle kjøparar vart det sett opp eit lite bygg nede ved vegen der det vart sett inn store vindauga mot vegen slik at ein kunne sjå møbelutstillinga. I det same bygget starta Johannes Eikedal seinare sal av daglegvarer, så her kom den første matvarebutikken i Eikedalen.



*Høyonn i Eikedalen (fargelagt). I bakgrunnen nede ved hovudvegen ser ein det første utstillingslokalet til møbelfabrikken*

### **Fabrikken i seinare år**

Etter kvart vart det Peder som meir og meir overtok møbelfabrikken. På det meste hadde han 8 mann i arbeid, og dessutan hadde han møbelutsal i det gamle butikkhuset til Arthur Frøland på kaien på Ytre-Tysse. Broren Nils tok etter kvart over garden og starta med hønseri, men han arbeidde likevel òg ein god del på fabrikken. I seinare år tok Nils og til med smijernsarbeid, noko han dreiv med nær sagt så lenge han levde. Broren Sigurd gjekk meir og meir over til å byggja hytter både i Samnanger

og på Kvamskogen. Broren Johannes, som hadde vore sterkt involvert i drifta dei første åra, tok etter kvart til med matvarebutikk i nybygd hus nede ved hovudvegen i Eikedalen. Då brørne trekte seg ut av verksemda, så måtte ein ta inn nye arbeidarar frå bygda som erstatning. Den andre høgda over verkstaden vart nytta til utleige for nokre av dei som arbeidde på verkstaden. Peder gifta seg i 1942 med Anne Lise Johannessen frå Bergen, og dei nytta halve høgda over fabrikkjen til bustad.

### Ny lysfest i 1952

I 1952 var det på ny lysfest i Eikedalen. Denne gongen på grunn av at dei vart knytt til det kommunale kraftnettet. Festen vart halden på Sandvensæter hotell, og folk både frå Eikedalen og Høysæter, som også hadde fått straum, tok del. Hovudretten var fårikål med tilhøyrande dessert. Dansen etterpå varte til kl. 05.00 om morgonen etter, så det vart nok ein minnerik fest.

Til den store oppussinga av kyrkja på Ådland i høve hundreårsmarkeringa i 1951, fekk fabrikkjen eit av dei største enkeltoppdraga sine. Her fekk dei arbeidet med å laga nye benkar til kyrkja som erstatning for dei gamle, vonde benkane, som ein ville skifta ut. Dei nye benkane vart arkitektteikna av Ole Landmark slik at dei skulle passa inn i dei gamle benkevangane. Arbeidet med sjølve utføringa var det fabrikkjen i Eikedalen som tok seg av. Benkane står framleis i kyrkja som eit minne om dei som laga dei.

*Kråskåp laga av Nils S. Eikedal.*





*Biletet (fargelagt) syner arbeidarar utanfor fabrikkjen.  
Bak frå venstre: ukjent, Osmund Odland og Sigurd S. Eikedal.  
Framme frå venstre: Nils S. Eikedal og ukjent.*

Drifta på verkstaden vart noko utvida etter kvart, og ein fekk mellom anna oppdrag frå Møbelhuset i Bergen. Det vart også laga treverk til stolar og sofaer som ei verksemd i Odda laga fyllstoff til og stoppa ut. I 1952 då det kommunale straumnettjet vart bygd til Eikedalen, vart det nye utfordringar for fabrikkjen. Motorane i maskinene var ikkje kompatible med den nye straumspenninga og måtte skiftast ut. Dette vart nok dette ein heller stor kostnad for ein liten fabrikk.

Peder bygde seg nytt hus i brekka ved møbelfabrikkjen på slutten av 50-talet, og då vart heile huset teke i bruk til møbelproduksjon. Det vart og innreidd eit eige lakkeringsrom i andre høgda. På denne tida vart det tekne inn ein del nye arbeidarar: Erling Østvik frå Kvernes, Didrik Kvittingen frå Kvitingen, Arne Eikestad frå Høyseter og Johan Langhelle frå Tysse.

Erling Kvernes som var søsterson til Harald Kvernes, kom i 16-årsalderen og vart verande i fleire år på fabrikkjen. Han budde då hos onkelen Harald Kvernes. Arne Eikestad budde heime på Høysæter og køyrde moped kvar dag til Eikedalen. Det var nok ikkje alltid enkelt for han å koma seg fram, særleg vintersdagen må ha vore ei utfordring. Andre av arbeidarane hadde det enklare og budde på hyblar i andre høgda over møbelfabrikkjen. På den tida var det ikkje slik at ein kunne setja seg inn i bilen og pendla til Eikedalen kvar dag, særleg ikkje vintersdagen. Fleire hadde heller ikkje tilgang på bil og fram til oktober 1960 var det og rasjonering på bilar.



*Skåp som er ein del av eit spisestovemøblement produsert i Eikedalen*

Sonen til Nils Eikedal, Svein Eikedal, fekk også det første møte med arbeidslivet på denne fabrikkjen. Svogeren til Peder, Harald Kvernes, var ein av dei faste som arbeidde her i mange år. Det vert fortalt at Harald kom til Eikedalen på sykkel rett etter krigen for å få seg arbeid på fabrikkjen. Historia enda med at han fekk seg både arbeid og kone i Eikedalen. Han hadde særleg ansvar for lakkarbeid som vart utført på fabrikkjen, eit heller



helseskadeleg arbeid som sikkert ikkje hadde vorte HMS-godkjent i våre dagar. Etter at fabrikkens vart lagt ned, så fekk han seg nytt arbeid som bussjåfør.

### **Møbelutsal på Tysse**

For å koma nærare kundane i bygda starta ein møbelutsal på Tysse. Peder og Anne Lise delte på arbeidet med å stå på møbelutsalet i det gamle butikkhuset til Arthur Frøland på Ytre-Tysse. Særleg Anne Lise stod på utsalet, og Svanhild Eikedal Lauvås fortel at ho reiste saman med skuleborna på skulebussen frå Eikedalen til Tysse. Anne Lise fortel i eit intervju frå 1997 at fabrikkarbeidarane som jobba i Safa, var gode kundar. Andre kundar frå stader lenger ute i fjorden kom sjøvegen til Tysse med mjølkebåten til Mons Østvik, og dei hamna ofte på møbelutsalet etter tips frå Mons'n. Etter at møbelfabrikkens i Eikedalen vart lagt ned, selde dei møblar frå andre møbelfabrikkar, mellom anna frå Skeie møbelfabrikk i Kvam. Dei siste åra vart utsalet flytta til Indre-Tysse der ein leigde lokale hos Ole Børdal.

*Bokhylle produsert i Eikedalen.*



### **Barn dom ved møbelfabrikken**

Svanhild Eikedal Lauvås, som er dotter til Sigurd S. Eikedal, er nok ei av dei som hugsar mest frå den siste tida det var drift ved fabrikkjen. Ho fortel at det som småjente var freistande å koma inn på verkstaden og finna seg klossar som vart til overs ved produksjonen. Som oftast vart ho jaga ut, då dei var redde for at ho skulle koma bort i bandsaga eller nokre av dei andre maskinene. Ho fortel og at ho og ei nabo jente ein gong fann ut at dei kunne nytta lakk frå fabrikkjen som naglelakk. Det vart nok med det eine forsøket. På den tida skulle ikkje born vera synlege på slike stader, og særleg ikkje jenter! Svanhild fortel også at det vart mykje spon etter produksjonen i fabrikkjen. Denne vart mellom anna nytta som isolasjon til hus, både i fabrikkbygninga og i huset til faren Sigurd. Dette fortel om andre tider, der alt skulle nyttast.

### **Ole Totland fortel om møbelfabrikken**

Ole Totland som vaks opp i Eikedalen fortel at foreldra hans, Jenny og Trygve Totland, hadde fleire arbeidarar ved fabrikkjen buande heime hos seg. Han hugsar spesielt ein kar som heitte Myklebust som kom frå Uskedalen i Kvinnherad og arbeidde på fabrikkjen rett etter krigen. Han hugsar òg at andre arbeidarar kom frå Arna.

Møbelfabrikken med alle maskinene var god å ha som nabo når det var noko snikkararbeid som skulle utførast. Her kunne ein få hjelp både til høvling, fresing, dreining og saging om det var naudsynt. Her kunne ein òg få hjelp med ski. Ole fortel at han ein gong hadde kjøpt seg nye ski hos Hans Solberg på Tysse, men at dei mangla stålkantar. Då vart løysinga å gå til fabrikkjen og få hjelp der. Harald Kvernes, som arbeidde på fabrikkjen, fekk fresa spor i skia slik at dei fekk festa stålkantane.

Ole fortel at Arne Eikestad arbeidde mykje med lakkering. Til det hadde dei eit rom i andre høgda på fabrikkjen. Ole fortel at han ein gong var oppe i dette rommet, og at han nesten ville svima av etter kort tid i eimen av Lynol som var ein viktig ingrediens i lakken som vart nytta. Det var ikkje tale om noka form for HMS i dei dagar, og omgrepet «verneutstyr» var det nok ingen som hadde kome på.

Det kunne òg skje at limet tok fyr. Ole fortel at det skjedde éin gong som han kan minnast. Då brann det ut over golvet, og det vart eit fælt strev med å få sløkkja brannen. Seinare år fekk dei eit fyrrom i mur som vart bygt til

i enden av fabrikkens slik at ein skulle unngå at slike ting skulle skje igjen. Der vart det fyrte opp med spon som det var rikeleg av i fabrikkens. Spon frå fabrikkens vart endåtil nytta som isolasjon i fabrikkbygningen!

Maskinene var samla i det største rommet i fabrikkens. Ole nemner særleg at det ikkje var utan risiko å opphalda seg i nærleiken av maskinene, særleg bandsaga og høvlemaskina var spesielt farlege. Høvlemaskina, som hadde nokre kraftige reimer, var særleg farleg. Éin gong fortel Ole at det gjekk gale: Reimane på høvlemaskina fauk av og slo hardt i veggen. Til alt hell var det ingen som stod mellom maskina og veggen der reimane trefte, elles hadde det nok ikkje sett bra ut for den som vart treft.

Fineren som skulle limast på bordplater og andre møblar, var svært tynn. For at han ikkje skulle sprekkja, så måtte han vera litt fuktig. For at han skulle halda seg fuktig, så vart han oppbevart i kjellaren under huset til Nils, der temperaturen var høveleg.

Når møblane skulle sendast vidare, vart dei sende med godsruta frå Eikedalen og vidare anten austover eller vestover. Om vinteren med meterhøg snø var ikkje dette så enkelt, og dei måtte ofte bruka slede for å frakta dei ferdige produkta ned til hovudvegen. Vegen opp til fabrikkens var nok som oftast ikkje brøytt.

*Utsnitt av ein skjenk laga i Eikedalen.*



## **Fabrikken vert lagt ned**

Rundt midten av 60-talet vart det brått slutt for fabrikkjen. Grunnen til at fabrikkjen vart lagt ned, var at dei gjekk konkurs. Dei hadde fått eit stort oppdrag frå Bergen om leveranse av kommodar. Diverre viste det seg at dei måtte levera desse med stort tap, og utgiftene vart større enn fortjenesta. Dette var med på å riva grunnen ut under fabrikkjen. 1

## **Ettertida**

Grunnarbeidet som vart gjort på 30-talet, skulla seinare føra til mykje arbeid for dei som eig bygget no. Det viste seg at den fremste delen av bygget ikkje stod på fast grunn og det gjorde at delar av bygget etter kvart seig skeivt. Her har dei to brørne Stig Eikedal Andersen og Roy Ove Eikedal gjort ein kjempejobb med å retta opp sin del av bygget og redde det frå forfall. Her var det heller ikkje støypt golv, så her har dei to brørne lagt ned eit imponerande arbeid slik at det no står fram som ein tidsmessig verkstad. Taket og kledninga på heile bygget er og skifta slik at ein unngår lekkasjar og er rusta for åra som kjem.

## **Etterord**

No er det berre bygningen og møblar som vart produserte her, som minner om ei anna tid, ei tid då møbelproduksjon òg var ei viktig næring i Samnanger. Oppmodinga mi er at ein må ta vel vare på møblar som er produserte i Samnanger, i staden for å senda dei til gjenvinning. Hugs på alt arbeidet som vart lagt ned i produksjon av desse møblane, når du tenkjer på å kassera dei!

## **Kjelder:**

Aasgaard, Inge og Totland, Jan Trygve (1997),  
*Eikedalen i ord og bilete*

Samtaler med Svanhild Eikedal Lauvås, Ole Totland, Jan Trygve Totland og Inge Aasgaard

Intervju med Anne Lise Eikedal gjort 13. mai 1997.

# Minne frå Frøland

av Knut Odd Totland

## Krigsåra – dei første minna

Me budde på «lemmen» i gardshuset til bestemor og bestefar på Frøland. Onkel Nils og tante Berta budde i andre halvdel av huset. Dei hadde to born, Mary og Knut Norvald. Knut Norvald var ein månad eldre en meg.

Tyskarane hadde fleire brakker på Frøland, og éi av dei var tett ved huset eg budde i. Ein av soldatane gav meg kvite bongbong frå ein boks. Ein annan gong kom ein sverm av fly frå vest over Tysselsandsdalen, og det var ein fæl dur.

Eg var 3 år gammal då andre verdskrigen vart slutt, og dette er alt eg kan hugsa frå krigsåra.



*Knut Odd Totland var fødd i 1942. Foreldra var Óvald Totland (1914–1995) og Jenny, f. Frøland (1919–1984).*

## Tysseland

Me skulle flytta til Tysseland og bu i ein halvdel av det fyrste huset på vestsida av hengjebraua (betongbru kom mykje seinare). Familien Myren budde i den andre halvdel av huset.

Johannes Tysseland budde i eit gardshus like ved, og me vart gode venner. Me prøvde oss òg på litt galskap: Det sto ein gris i ei skytje attmed huset, og den sleppte me ut. Det vart eit strev for naboane og mor for få grisen inn att i skytja.

Nokon lagde eit hopp i ein liten bakke. Eg bala fælt i denne bakken, men det skapte interesse slik at eg heldt fram med hopping på ski ei stund framover.

Søster mi, Hilda, var 3 år eldre enn meg og gjekk på skulen på Frøland. Det var berre éin lærar på Frøland skule i dei dagar, Nils Nytveit. Han hadde vore lærar for mor mi og! Nytveiten, som me kalla han, budde på Tveit og kom ofte ned Tysselandsdalen på sykkel eller ski.

Det låg ei stor helle over ein bekk like attmed huset til Vilhelm Tysseland. Der stilte eg meg opp og venta på Nytveiten. Då han kom, spurde eg han om eg kunne begynna på skulen. Nytveiten var nokso alvorleg til vanleg, men då drog han litt på eit smil. Slik hadde det seg at eg begynte på skulen i 1948 i staden for 1949.

### **Skulen på Frøland**

I 1948 hadde me flytta inn i nytt hus på Frøland. Eg hugsar at bror min Svein vart fødd etter at me hadde flytta inn, og han var fødd i januar 1949. Då var me to jenter, Hilda og Oddny, og to gutar i familien.

Eg var på skulen annan kvar dag og trur det var klasse 1–3 éin dag og 4–7 neste dag. Skulehuset var eit lite, kvitmåla hus med kjellaretasje og ei skytje tett med som òg hadde utedo.

Me hadde friminutt kvar time. Då var me ute og leika ofte slåball, tikken og paradís blant anna. Om vinteren kunne me få tid til nokre rundar på ski rundt på Peder sin gard. Når ti minutt var over, bles Nytveiten i ei fløyte. Då stilte alle elevane seg opp i rekke og måtte gå fint inn i klasserommet. Me sat to på ein pult og sette oss ned på kommando: «1, 2, sitt!»

Klokka 12 var det middagspause, og borna som budde på Frøland, hadde høve til å gå heim til middagsmat. Etermiddagen på skulebenken vart lang, syntest eg.

Nytveiten heldt stor respekt, så me følgde reglane hans som oftast, men det var ein gong det nesten gjekk gale: Ein av gutane hadde laga fyrverkeri, og nokre av oss hadde lurt oss opp i bakken ovanfor ungdomshuset. Graset var tørt, og plutselig brann det. Heldigvis kom Nytveiten i full fart og fekk tak i greiner som låg rundt tett med, og me slo på graset som brann, til alt var slokna. («Uff Da!!»)

### **Framhaldsskule på Steinsland året 1955–1956**

Eg vart ferdig med 7 år på folkeskulen skulen på Frøland då eg var 13 år gammal og ville gå vidare på med framhaldsskule. Olav Brigtsen var lærar på den tid, og skulestova var på lemmen i skulehuset på Steinsland. Skulefaga var mykje dei same som på folkeskulen, men me hadde også engelsk. Olav Brigtsen var ein grei lærar, og eg kjende dei fleste av elevane frå før. Det var eit surr med snakking etter friminutt, og me lærde det engelske ordet «silence». Brigtsen ropte «silence» med høg stemme når elevane var urolege. Eg brukte sykkel eller buss på skulevegen og laut ofte gå til fots mellom Indre-Tysse og Steinsland.

### **Bakeriet vart starta i 1949**

Huset vårt var berre 150 meter frå skulen på Frøland, så me hadde mykje besøk av skuleborn på butikken. På den tid, i tillegg til brød og småbrød, selde me òg Hansa-brus. Eg trur det var ein av dei første dagane bakeriforretninga var open, at eg fekk smaka nybakte pepitabollar og ei flaske jordbærbrus attåt.

Det var nokre karar som kom i bakeriet for å drøsa med far min. Rett innanfor døra til bakeriet stod det ein trekasse der far laga «gamle» brød. Desse blei selt billeg eller brukte til grisemat for grisen vår. Brødkassen var nett passeleg brei og høg for ein eller to mann til å sitja på. Samtalen gjekk lett; eg trur far likte godt at desse karane kom og liva opp dagen litt.

Eg måtte senda pakkar med buss og godsruete og syntest det var veldig kjedeleg å venta ved Frølandsbrua for å senda brød til Eikedalen eller opp til «Fjedlagardane». Eg lærde meg aldri til bakaryrket, men kunne «vega opp» og kna deigar og var òg butikkhjelp av og til.

Tysdag og fredag var lange arbeidsdagar for foreldra mine. I tillegg til over 100 brød vart det og laga mange sortar småbrød. Rundt klokka to om ettermiddagen var far ferdig med jobben i bakeriet. Mor hadde vore med og hjelpt i bakeriet mesteparten av dagen, og no var det tid til å pakka brødbilen med brødvarer, brus og snop. Det vart òg pakka ned andre varer etter kvart. Me ungar måtte òg hjelpa til med dette. Klokka fire var det tid å ta i veg mot «Fjedlagardane». «Fjedlaruto» begynte på «Donjen» (krysset Tysselandsvegen/Nedre Totland). Der kom det folk frå Tysseland. Me hadde fleire stopp på Nedre og Øvre Totland, Indre og Ytre Langeland, Tveit, Tonæ, Totrævegen, Nyutlørævegen, Vassenden,



*Knut Odd saman med kameraten Leif.*

Fiskje, Nedre og Øvre Grønsdal og Kleivane. Av og til òg til Kvitingen. I dei dagar var det mange grinder på den vegen, og eg var ofte med som «grindagut». Turen varte oftast til klokka var ni–ti om kvelden; far klaga ikkje på dei lange dagane, men sa at den ruta gjorde det mogleg å ha bakeri på Frøland og var glad i og drøsa med folket på «Fjedlaruto». Etter at far og mor hadde leigd hjelp på butikken, var mor òg med på desse turane når ho hadde høve til det. Ho hadde travle dagar.

Om vinteren kunne det vera vanskeleg å komma seg fram med is og snø, og det vart fortalt om eit lite snøras i Verkane (Kvittingsvegen) som dei laut moka seg gjennom ved hjelp av brusksassar.

Det var trufaste vaksne og born som stod og venta på brødbilen attmed vegen. Mange av dei hadde lang veg frå heimane sine til hovudvegen, og dei lokale vegane vart ikkje pløgde i dei dagar.



## **Ulukke i «Jorbergjet».**

Den 23. april 1950 hadde eg og to av kameratane mine funne på at me skulle prøva å få ned eit kråkebeir som låg i eit asketre i «Jorbergjet», midtvegs mellom Frøland og kraftstasjonen. Me hadde høyrte at det var pengepremie viss me tok kråkebeina til lensmannen. Nils, Ragnar og eg klauv opp eit brot til me var på same høgde som kråkeiret. Me heiv stein på reiret og trudde me skulle få det til å detta. Eg var på veg opp eit sliskarv for å henta meir stein då eg mista foffeste og datt baklengs utfor eit brot. I fallet svima eg av og vakna opp liggjande nede ved Kvitingsvegen. Etter fallet hadde eg rulla ned ei ur. Eg såg Ragnar og Nils var på veg ned ura, og Ragnar ropte og ville høyra om eg var i live. Eg hadde ein underleg varm følelse i høgre låret, men kunne ikkje sjå den høgre foten, for eg oppdaga at han var bøygde opp på ryggen min.

Nils gjekk etter hjelp, og eg vart køyrd til doktor Otterstad sitt kontor. Han la foten min i ei blekkskjene før turen gjekk til Florida sjukehus. Onkel Leif hadde drosje, og eg blei frakta i baksetet. Det var ein tur eg ikkje gløymer lett. Eg vart liggjande i to dagar før dr. Vik kom attende frå Hardangervidda til Florida sjukehus, og då blei lårbeinet mitt sett i hop med band og skruer, og ein gips vart lagd på, frå foten til livet.

Eg blei verande på sjukehuset i tre månadar. Etter eit par veker på barneavdeling med mange ungar og mykje ståk vart eg flytta til eit meir fredeleg rom. Eg hadde seng attmed vindaug og kunne sjå på båttrafikken på Store Lungegårdsvann.

Dei siste dagane på sjukehus hadde eg blitt kvitt gipsen. I ei tid etterpå hadde eg stivt kne, men det var ikkje lenge før eg var med Nils nedom Frølandsbrua for å prøva fiskelukka. Far og mor hadde kjøpt ny fiskestong, snelle og snøre før me la vegen heim frå Bergen.

## **Gardsarbeid hos onkel Knut og tante Erna**

Om sumaren og våren tente eg på garden til onkel Knut og tante Erna. Knut køyrde lastebil for Vegvesenet, og Erna trong hjelp med gardsarbeid. Eg fekk betalt for arbeidet kvar veke, men kan ikkje minnast summen. I tillegg fekk eg eta middag i lag med dei.

Ein vår var kameraten min Nils med meg og hjelpte med møkakøyring. Erna og Nils Ulland (onkel til Knut) breidde møk, og Nils, og eg lasta og



*Knut Odd med mor Jenny og søster Hilda.*

køyrde til bøen på Fetane. Eg trur dette var då eg var 10 år gammal, og Nils var 12. Knut Norvald og Ragnar køyrde for onkel Nils som hadde delt løe med onkel Knut. Dei hadde ein ung hest som var rask til fots, medan me hadde «gamlo» som gjekk ganske seint, men visste nett korleis ho skulle rygga kjerra inn i mottinga. Me hadde konkurranse med Knut Norvald og Ragnar. Nils var kjapp til å lessa, så eg trur me heldt følgje med dei. Denne jobben vart det slutt på då Knut og Ivar Bård Aadland kom med traktor og køyrde ut møk for onkel Knut. Dei hadde og spreiar på møkakjerra si.

Etter at høyet var slått ned, vart det mykje hesjing, men viss vêret var fint, «snudde» me høyt i lange rader. Av og til måte me laga såter og så breia det ut neste dag. Det kjekkaste var når høyet vart tørt og onkel Knut kom heim frå arbeid og me leste på høyvogn. Då fekk me ungene trakka i lasset og sitja på toppen av lasset på turen opp til låven. Der fekk me spreia tørt høyt i loftet så alle krokur vart fylte.

### **Frølandselva**

Nipshølen er ein eineståande plass å bada. Det var den beste møteplassen. Eg kan enno sjå for meg kvar stein og kløft me brukte for å finna den beste plassen å stupa eller hoppa frå. Nipshølen baud på mange fine plassar for

dette. Det var to plassar me måtte passa oss for: Det er ein stor stein i midten på Store Nipshølen som er nær overflata. Med låg vassføring var denne steinen lett å sjå, men ikkje når det hadde vore stor elv. Då måtte me venta ei stund før det vart forsvarleg å hoppa ifrå Nipen på Ullands-sida. Det er òg alltid kvitt vatn frå fossen som lagar eit sug under fjellet der. Dei vaksne hadde fortalt at ein hund hadde vorte dregen under der og aldri vart funnen. Dette skremde oss nok, så me heldt oss vekke frå det kvite vatnet like etter fossen.

Frølandselva baud òg på dei finaste fiskeplassane for meg. Den kjekkaste strekninga var frå Jarland og opp til Dal, der fekk eg mange fine aurefangstar.

Bror min Svein likte også å fiska etter aure i elva. I pinsehelga 1957 var han og ein ven på Frølands-sida der Jarlandselva møter Frølandselva. Fiskesnøret hans hadde festa seg i eit oldertre bak han; han klauv opp for og løysa det. Greina brotna og Svein vart teken av elva og drukna. Dette vart den største sorga for mor og resten av familien min. I den vanskelege tida vart mor kjend med Solveig Røen som hadde mista ein bror i drukning. Dette vart eit venskap som varte. Takk til Solveig for støtta ho gav oss!

### **Jonsok**

Kvar jonsok bygde me bål på Kuskolten oppfor Peder Totland sin gard. Me saga ned brake på kulturbeitet hans og drog han ned til Kuskolten. Me begynte med dette mange dagar før jonsok. Når jonsokkvelden kom, samlast dei fleste ungane som budde på Frøland, seg på Kuskolten med brus og niste. Me sette fyr på braken, og med sug i magen såg me flammene gå høgt til vers medan me koste oss med brus og brødiskiver med sukker eller syltetøy.

### **Fotball og annan idrett**

Den beste fotballbana var plassen utanfor kraftstasjonen på Frøland/Totland. Me brukte vegen som ein del av fotballbana. Eit mål (to steinar) var like attmed kanalen og det andre målet så langt mot saga som mogleg. Me hadde «kamp» om kvelden når dagsarbeidarane på stasjonen hadde

gått heim. To av dei beste spelarane valde lag. Skulle ein bil komma køyrande, stoppa me spelet og lét han køyra forbi. Av og til for ballen i kanalen. Då «fiska» me ballen opp nedfor fossen, og kanskje måtte me «låna» båten til stasjonen for få ballen attende.

Kvar årstid baud på fine moglegheiter for ungane som budde på Frøland. Om vinteren hadde me bakkane oppe med Knut A. sin gard til å gå på ski. Me hadde to hoppbakkar der. Ein var der som Marit og Torolf bygde hus. Dette var den beste plassen sjølv om me òg laga hopp lenger inne mot haugane, men der var unnarettet på skrå (halla til høgre) så det var ikkje så gildt. Skulle me finna skikkeleg hoppbakke, måtte me til Eikedalen. Der for eg ofte og hoppa i lag med Ole, Sigfred og Agnar. Ein gong gløymde eg meg og nådde ikkje blåbussen heimatt. Då skreidde eg på ski langs vegkanten heilt til Frøland.

Langs vegen var det ofte fin og tørrpakka snø, ikkje grus og ikkje salt. Då hadde me òg mykje moro med rattkjelkar som me drog frå Frølandsbrua til Dal, og av og til opp til Mørkhølen, for å skreia attende til Frølandsbrua. Det vart god fart på den strekninga og nesten ingen bilar. Det var om kveldane dette var det gildaste. Når me såg lys frå ein bil, heldt me oss til sides i vegkanten. Alt gjekk bra.

Ei anna «perle» var tjørna som ligg like oppfor Frøland. Der vart det is tidleg på vinteren ( gjerne november). Så snart isen var trygg, var me der og hadde konkurranse i lengdeløp eller ishockey. Me laga kølla og pukken av brake. Når snøen kom, moka me ei bane ei stund, men måtte gje dette opp etter nokre snøfall. Så vart det å bruka skiene eller å aka på kjelke i Olanilsbakken eller på vegen opp mot Mørkhølen.

Seinvinters og ut april (av og til mai) var Kvamskogen målet kvar søndag dersom vêret var nokolunde bra. Det var ingen skitrekk i dei dagar. Me venta på bussen ved Frølandsbrua og gjekk av enten i Eikedalen, på Movassleitet eller ved Ungdomsheimen. Som oftast vart det Ungdomsheimen, for der kunne me kjøpa brus, pølse eller ein kopp buljong etter ein tur til Såto. Kjekkaste stunda på turen var, etter pause med litt mat og ofte ei appelsin, å skreia ned att. (I tenåra og seinare var Tveitakvitingen ofte målet.)

## **Lars Storlid**

Nokre år leigde Lars Storlid eit lite soverom i huset vårt på Frøland. Han var snikkar og heldt på å byggja sitt eige hus ved Frølandsbrua. Lars hadde eit lite soverom og hadde sine måltid med oss. I tillegg til snikkararbeidet hadde han som hobby å laga feler og andre ting som han skar ut i tre. Blant anna laga han ei lysekrone og to vegglampettar til far og mor. Dei hang i stova på Frøland . No har eg fått dei og har montert dei i peisestova vår her i USA.

Lars bygde eit grisehus nett nedfor huset vårt, på onkel Knut og tante Erna sin eigeidom. I første etasje hadde me gris, og i andre høns. Det vart støypt trapper ned til grisen, men dei var bratte og høgt mellom kvart trinn. Det var ikkje lett å føta seg om vinteren når det var snø og is i trappa. Maten til grisen og hønene var restar frå bakeriet. Grisematen var ei bøtte med brød, potet og grønsaksrestar blanda godt i hop med vatn. Ein av grisane me hadde, vart kjeledyr. Han forlanga å bli klødd på ryggen med ein piassavakost før han ville eta maten sin. Då han skulle slaktast, ville ikkje mor vera heime. Slaktinga gjorde onkel Nils, som var ekspert.

## **Sluttkommentar**

Eg har fortalt om ein periode frå 1945 til 1956. Den perioden var eg 3–14 år gammal. Etter den tid vart eg mykje vekke frå Frøland for å halda fram med skulegang, arbeid og militærtjeneste. Kvar gong eg hadde høve til å reisa heim, hadde eg den beste kjensla når blåbussen runda Leitesneset og eg kunne sjå Frølandsdalen.

I 1966 hadde eg eit år igjen før eg ville bli ferdig med utdanning ved Bergen Tekniske skule (automatiseringslinja sitt andre kull). Den sumaren møtte eg Olav Kaldestad som var gift med Anna (Kulild) Kaldestad frå Haga. Dei hadde flytta til USA, og Olav var leiar for ei ingeniørvdeling i firmaet Lamb Grays Harbor Company i Hoquiam i staten Washington ved Stillehavskysten. Han gav meg innsikt i den tekniske sida av arbeidet sitt, og eg syntest ei stilling i avdelinga hans kunne passa godt for meg og utdanninga eg hadde. Eg hadde tid til å tenkja dette igjennom. Etter søknad fekk eg tilbod om arbeid og reiste til USA i juli 1967, ein månad etter at eg fekk ingeniørdiplom frå Bergen Tekniske skule.

Eg fekk bu hos Olav og Anna då eg først kom til Hoquiam, og dei vart som foreldre til meg. Kjekkare folk er vanskeleg å finna.



*Knut Odd og kona Haldis.*

Ei kort tid etter at eg kom til Hoquiam, møtte eg Haldis som var frå Jæren og hadde emigrert til USA med familien sin i 1952. I november 1968 gifta me oss og flytta inn i ei leilegheit som far til Haldis eigde. Der budde me i fem år. I 1973 bygde me nytt hus, og der bur me framleis. Me fekk éin gut og to jenter i lag, Stein i 1970, Sonja i 1973 og Silje i 1978. Alle tre borna våre har universitetsutdanning og gode stillingar. Me har fem barnebarn. Eg arbeide for det same private firmaet frå 1967 til 2012. Ein del av arbeidet mitt baud på reiser til mange delar av verda for å hjelpa til med sal eller «start up» av system som firmaet installerte i papir- og cellulosefabrikkar.

No har eg vore pensjonist sidan 2012. Haldis og eg held oss bra friske etter alderen, og dagane går altfor fort, synest eg.

Eg har fått tilsendt lokalavisa «Samningen» som gåve frå dei to systrene mine i mange år og følgjer med på kva som er aktuelt i Samnanger. FB-gruppa «Samnanger i bilder» har òg vore til mykje glede for meg.

Å besøkja Noreg stod alltid høgt «på lista» for både Haldis og meg. Me har hatt mange turar (rundt 15) «heim» til Noreg. Den første i 1969 og den seinaste i 2017.

# Husmannen

av Øyvind Røen

I fleire utgåver av årboka har det vore skrive om husmannsplassar i Samnanger. Me har lese gripande, dramatiske, men og morosame historier. I denne artikkelen skal eg freista å sjå litt meir samla på husmannsplassane i bygda. Her brukar eg bygdeboka *Samnanger 1* (S1) av Nils Lauvskard til hjelp, men eg har òg gått til dei store folketeljingane, særleg dei i 1801, 1865 og 1900. Det var m.a. desse Nils Lauvskard henta mange opplysningar frå til det han skreiv i boka si.

Dei fleste som les i årboka, har vel eit bilete av kva ein husmann var, men eg skal likevel nemna noko om kva som var typisk og særmerkt for husmennene.

For det første kan ein skilja mellom husmenn med og utan jord. Den første gruppa leigde eit jordbruksareal, ein husmannsplass, der dei kunne hausta gras til dyrefor og oftast i tillegg dyrka åkervekstar. Husmennene utan jord måtte livnæra seg meir eller mindre utan å dyrka og hausta noko sjølve, men dei som hadde jord, måtte òg ofte skøyta på med det dei kunne skaffa utanom garden.

Husmennene kunne eiga husa dei hadde, men det høyrer altså til sjølve definisjonen at dei aldri eigde jorda dei brukte. Jorda, husmannsplassen, leigde dei hos ein bonde<sup>1</sup> (av og til fleire bønder). Det litt innfløkte her er at bonden sjølv ikkje trong å eiga garden som husmennene lånte ein del av. Til inn på 1800-talet var det mange såkalla leiglendingar i Samnanger og andre stader. Dette var bønder som leigde gard frå store jordeigarar, t.d. rikfolk i byane. Desse leiglendingane kunne òg vanlegvis leiga vidare til husmenn.

---

<sup>1</sup> Ein husmann med jord var jo òg eigentleg ein bonde i tydinga 'gardbrukar', men i denne artikkelen brukar eg ordet «bonde» synonymt med 'sjølveigar' eller 'leiglending' – og altså i motsetnad til «husmann».

Det var viktige skilnader mellom ein husmannsplass og ein leiglendingsgard, sjølv om brukarane av begge leigde jord. Garden til leiglendingen var, til liks med sjølveigargardane, matrikulert og skyldsett, dvs. at garden var med i det offentlege registeret over eigedomar, og at han hadde fått ein verdi som i utgangspunktet var eit grunnlag for skattlegging. Husmannsplassen var utanfor dette systemet.

Både leiglendingar og sjølveigarar budde i dei gamle «hovudtuna» (ofte såkalla «klyngjetun», dvs. samling av hus som hørde til to eller fleire bruk – jf. t.d. Havråtunet) på namne- eller matrikkelgardane<sup>2</sup>. Dei var dermed med i den store teigblandinga som skjedde etter kvart som matrikkelgardane vart oppdelte. Husmennene budde utanfor klyngjetuna og fekk ikkje del i teigblandinga.

Leiglendingbruka gjekk ofte vidare til neste generasjon. Ein husmannsson kunne nok òg ta over plassen etter faren, men han var då meir avhengig av at bonden ville fornya kontrakten.

Dei som har granska «husmannsvesenet»<sup>3</sup>, skil mellom «arbeidshusmenn» og «bygselhusmenn». Desse nemningane viser til kva vilkår som vart sette i avtalen eller kontrakten mellom husmannen og bonden. Arbeidshusmennene vart pålagde mykje pliktarbeid for bøndene som betaling for leige av plassen – heilt opp i 180 dagar, altså eit halvt år, finst det døme på. Bygselhusmennene derimot betalte mest for seg med pengar eller varer – altså det som vert kalla bygsel. Her var det skilnad mellom landsdelane. På Austlandet var arbeidshusmennene vanlegast; på Vestlandet var det fleire bygselhusmenn.

---

<sup>2</sup> Ein «namnegard» er eit geografisk område som er / har vore éin gard med eitt sams namn. Jarland, Haug, Ulland osv. er døme på namnegardar. «Matrikkelgard» er nesten det same, men ein namnegard kan vera delt i fleire matrikkelgardar. Døme: Namnegarden Hisdalen er delt i to matrikkelgardar, «Midtre» og «Indre» Hisdalen. Kvar matrikkelgard har sitt eige gardsnummer. T.d. har dei to nemnde gardane i Hisdalen gardsnr. 9 og 10.

<sup>3</sup> S. Skappel: «Om husmandsvæsenet i Norge», 1922



Eg har ikkje granska husmannskontraktar frå Samnanger, men Nils Lauvskard refererer nokre av dei i S1, særleg frå den tidlege perioden. Det ser ut til at det vanlege for Samnanger var lite pliktarbeid og etter måten høg bygselavgift. Her er to døme frå kvar sin periode:

I 1879 vart Dyrhovden bygsla. Husmannen skulle då betala 800 kr i festepengar (eingongssum) og 19 kr i årleg avgift. I tillegg fekk han tre dagar med årleg pliktarbeid (S1, s. 568). Omrekna til dagens pengeverdi er 800 kr nesten 70 000 kr, og 19 kr svarar til ca. 1635 kr<sup>4</sup>. Dette høyrer kanskje ikkje så mykje ut, men her må ein tenkja på kor mykje pengar ein husmannsfamilie kunne ha tilgang på. Ei årsløn for ein tenar på landet, ein dreng altså, kunne vera ein stad mellom 150 og 200 kroner på denne tida<sup>5</sup>. Gjennomsnittet for ei tenestejente var gjerne 100 kr lågare.

Så kan me gå til Bjørnåsen 78 år tidlegare. Eg siterer Nils Lauvskard (S1, s. 355): «Sjurd Danielson Reistad fekk bygslebrev på plassen<sup>6</sup> i 1800 på dei vilkår at han skulde byggja og eiga husi og svara 2 rd. i årleg plassavgift.» To riksdalar skulle verta om lag 490 kr i dagens pengar.

Husmennene i Samnanger styrte seg nok mykje sjølve, men kunne sikkert kjenna det som ei bør å betala bygslepengane. Me veit elles ikkje så mykje om korleis desse tilhøva var i praksis. Det hende nok at husmennene arbeidde meir for bonden enn det som står i kontrakten, når dei hadde knapt med pengar til å betala bygsla med. Dessutan var det som nemnt ikkje alltid pengar som var betalingsmiddelet. Eldbjørg Høyseter (1913–1994) fortalde meg at husmannen på U(t)gjerdet m.a. betalte med eit lass møk kvar vår. Mottinga til Utgjerdet låg nærare ein del av bøen på hovudbruket enn mottinga der, så det var ei praktisk ordning for bonden å få møk hos husmannen.

Når me vurderer kor krevjande det var for husmannen å betala bygsel, må me ta med i rekninga at husmennene ikkje betalte skatt på jorda dei brukte, slik bøndene gjorde fram til 1836. (Inntektsskatt, som me har no, vart innført i 1892.)<sup>7</sup>

<sup>4</sup> <https://www.norges-bank.no/tema/Statistikk/Priskalkulator>

<sup>5</sup> <https://www.ssb.no/a/histstat/aarbok/tab-2000-09-20-01.html>

<sup>6</sup> I Samnanger var «(husmanns)plass» eit inkjekjønnsord.

<sup>7</sup> <https://www.norghistorie.no/kirkestat/1128-skattestatens-fremvekst.html>

### **Dei første husmennene**

Me veit ikkje noko om husmenn i Samnanger før dei som er nemnde i manntalet som soknepresten gjorde i 1666. Då var det 21 husmenn i bygda. Dette var litt under 10 % av talet på menn i Samnanger den gongen. – Det var berre mennene som vart talde (S1, s. 38).

Nils Lauvskard meiner husmennene på 1600-talet først og fremst var folk som arbeidde med skogsdrift. Dette var tida då skottane kjøpte store mengder med trelast i Samnanger og andre stader nær kysten. Lauvskard hevdar då òg at Skottabakken er den eldste husmannsplassen i bygda (S1, s. 348), men han fortel ikkje kva han byggjer dette på.

Det ser ut til at desse første «skogsdrifts-husmennene» vert borte når det byter frå 1600-talet til 1700-talet. Gullalderen for handelen med trelast frå Samnanger var til endes. Men særleg frå midten av 1700-talet auka det på familiar som trong eit gardsbruk å leva av, og dette kunne skje på to måtar: For dei første kunne matrikkelgardane delast i fleire likestilte bruk, slik eg alt har nemnt. Den andre måten ein kunne skaffa seg gard på, var å få seg ein husmannsplass – med jord. Og no vart dette den vanlege husmanns-varianten, sjølv om det også seinare var jordlause husmenn.

### **Folketeljningane i 1801 og 1865**

I 1801 vart den første fullstendige folketeljninga gjort i Noreg. No vart altså òg kvinner og born talde. Denne teljninga viser at det budde 838 personar i Samnanger. Av dei var 48 husmenn, og til saman 200 menneske hørde til husmannsfamiliar. Dette vert i underkant av ¼ av innbyggjarane.

1801-teljninga har ingen namn på husmannsplassar; det er berre lista opp kva matrikkelgard folk budde på. Når Nils Lauvskard likevel nemner husmannsplassar frå denne tida, har han funne namna i andre skriftlege kjelder og i den munnlege tradisjonen. Til saman har han namn på ca. 45 husmannsplassar som han veit eller reknar med har vore i bruk i 1801.

I 1801 var det inga jordbruksteljing, så me får ikkje vita kor mange dyr det var på gardane eller kor store avlingar det var. Men i 1865 kom den neste landsdekkjande folketeljninga, og då vart det òg registrert dyretal og såmengd for korn og poteter.

Folketalet hadde i 1865 stige til 1567. Av desse hørde ca. 585, eller 37 % til husmannsfamiliar, men det var nesten like mange husmannsplassar som «vanlege» gardsbruk fordi det i gjennomsnitt budde færre folk på

husmannsplassane. Dei heilt nøyaktige tala er vanskelege å slå fast fordi det finst eit par døme på folk som både er sjølveigarar og husmenn. Det vil seia at dei eigde ein del av bruket sitt, men leigde den andre delen. Det hadde altså vore ein svær folkeauke på dei vel 60 første åra av 1800-talet, og aller mest hadde husmannsgruppa vakse. Med i dette biletet høyrer det òg at fleire av husmannsplassane frå 1801 var borte. Nær ti stykke hadde vorte sjølvstendige bruk. Døme på det er Vellene (Trengereid), Stolpane, Liøyna (som jamvel hadde vorte eigen matrikelgard), og Åsen (Steinsland).

Nokre få husmannsplassar der det truleg budde folk i 1801, vart nedlagde før 1865. Ein slik var Fagerhaugen, ovanfor bøgarden i Nordvika. (S1, s. 376). Eit anna døme er Sandbrekka, i lia frå Bruabotnen til Svendsdalen. Her finn me òg stadnamnet Glashaugen, som truleg fortel kvar husa til denne plassen stod.

Når me ser på utviklinga frå 1801 til 1865, må eg òg ta med noko om dei husmannsplassane som kom til etter 1801, men vart borte igjen før 1865. Nokre av desse var små eller karrige plassar. Sotabotnen er kanskje det mest ekstreme eksempelet, der det budde folk nokre år, fram til 1838. Eit anna døme på ein slik kortvarig husmannsplass i denne tida er Rossebotnen, mellom Mørkhølen og Storlia, der det budde folk i litt over ti år – fram til 1847. Eg kan òg nemna Setret i Gaupholmsmarka, jf. Setratjørnane, ved skytebana.

På den andre sida var det større husmannsplassar som vart busette etter 1801, men rakk å verta egne bruk før 1865. Holmane og Olderbakken kan nemnast her.

I 1865 hadde kanskje talet på husmenn i Samnanger alt passert på toppen. I allfall var det slik på landsplan. I 1865 hadde Noreg så vidt kome inn i det som kan kallast «tidleg moderne tid». Ny næringsvegar og nye måtar å livberga ein familie på var i ferd med å verta alternativ til husmannsplassane. Industrien hadde byrja å veksa fram i Noreg òg. Byane auka folketalet, og nye tettstader kom til. Dessutan vart Amerika i denne tida ein utveg for fleire.

Dei fleste som vart buande heime i Samnanger, dreiv likevel gardane sine mest som før og merka nok ikkje så mykje at det var ei ny tid. Rett nok hadde dei første handelsmennene kome, men det var framleis tre år til



*Dette var rundt 1850 ei husmanns-grend. Me ser bøane til det som var husmanns-plassane Hamnen, Brotet, Vågen, Hansamyra (Rasmus-plasset) og Olderbakken. Foto: Wiederøe, 1962.*

dampbåten byrja å gå i rute og det vart «postopneri på Tysse. Det skulle ta 20 år før industrien kom til bygda, og til det vart vegsamband med omverda. På den andre sida må me ikkje gjera dette altfor svart-kvitt; også samningane kunne i 1865 ha fleire måtar å skaffa seg innkome på. Sjå meir om på slutten av neste side.

### **Fattige husmenn og rike bønder?**

Nils Lauvskard hevdar at det ikkje var så stor sosial og økonomisk kløft mellom husmennene og bøndene (S1, s. 41). Det var ofte yngre søsken som slo seg ned på husmannsplassane når odelsgutten tok over garden, og folk kunne gifta seg på tvers av dette skiljet, men her kunne det ha vore gjort ei eiga undersøking for å finna ut kor ofte dette skjedde.

I samband med kyrkebygginga i 1851 kom ei interessant vurdering av tilhøvet mellom bønder og husmenn. Eg siterer frå boka «Ous prestegjeld

1837–1937» (red. Nils Tveit), s. 37: «Soknestyret gjorde då vedtak um å likna ut ein viss sum for året [til å betala ned lånet på kyrkja], med eine helvti på matrikkelen [dvs. på bøndene] og den andre helvti etter manntal [altså både husmenn og bønder]. Fyrr hadde alle utlogor [utgifter] til Samnangerkyrkja vore lagt heilt på matrikkelen. Husmennene skulde ikkje sleppa den nye kyrkjeskatten, for dei er mange og sit like godt i det som gardmennene, sa soknestyret.»

Kan folketeljinga i 1865 gje ein peikepinn på om husmennene levde like bra som bøndene? Eg har laga nokre små tabellar for å samanlikna dei to gruppene. Tala i dei to første tabellane viser gjennomsnitt pr. bruk eller husmannsplass:

	Talet på personar	Tenarar	«Losjerande»	Sjømenn	Andre yrke
<b>Bønder</b>	7	0,8	0,3	0,2	0,2
<b>Husmenn</b>	4½	0,2	0,2	0,2	0,2

Me ser, som eg har nemnt før, at det var færre folk på husmannsplassane enn på bondegardane. Husmennene hadde på langt nær så mange tenarar, medan det var mindre skilnader i dei tre siste kategoriane.

«Losjerande» var folk som leigde eller lånte husrom, og det var ei samansett gruppe. Dette kunne dreia seg om handverkarar som ikkje hadde egne hus, t.d. ein skomakar, ein skreddar eller ein bakar – men det kunne òg vera søsken til bonden/husmannen som vart plasserte i denne kategorien. Sams var nok at dei oftast betalte for seg på ein eller annan måte – stundom kanskje berre med arbeid.

Sjømennene ytte vel gjerne òg noko til familien eller garden der dei hadde «adresse». Ofte var det søner i familien som er registrerte som sjømenn, men òg nokre husfedrar. Eg har funne 65 sjømenn i 1865-teljinga, men det er om lag like mange frå husmannsplassane som frå bondegardane.

Så er det dei som eg har samla under «andre yrke». Det er i underkant av 60 i denne gruppa. Her er det mykje ulikt, og det varierte sjølvsagt

òg kor viktige desse yrka var for livberginga. Som nemnt var det ein del husmenn som berre hadde ein liten jordfleck eller ikkje jord i det heile. For andre var garden viktigast, sjølv om dei er førte opp med andre yrke òg. Dessutan var både husfedrar og andre i husstandane i denne gruppa. Men igjen er det ikkje store skilnader mellom bondegardane og husmannsplassane.

Her er ei liste over ulike næringsveggar i 1865: fiskar, skreddar, «spinderske», handelsmann, lærar, hestehandlar, skomakar, skinnhandlar, treskomakar, bokbindar, bygningsmann, tjørebrennar, urmakar, bakar, jekteeigar, bøkkar, messingarbeidar og dreng/tenestejente i eit anna hushald enn det ein budde i.

Så kan me sjå på gardsdrifta, og der det er nokre klare skilnader mellom bøndene og husmennene:

	Tønner sådd havre	Tønner sådde poteter	Hestar	Kyr	Sauer	Geiter	Grisar
<b>Bønder</b>	2,7	2,4	0,5	8,5	14,2	4,6	0,25
<b>Husmenn</b>	0,5	1,1	0,05	3,7	6,6	3,0	0,04

Men her må ein hugsa at det var færre folk på husmannsplassane, slik at skilnadene vert noko mindre viss me deler dyr og såmengd på kvar person:

	Havre pr. pers.	Poteter pr. pers.	Kyr pr. pers.	Sauer pr. pers.
<b>Bønder</b>	0,4	0,3	1,2	2,0
<b>Husmenn</b>	0,1	0,2	0,8	1,5

Men gjennomsnittstala fortel ikkje alt. Det som slår ein, er dei store variasjonane innanfor både bonde- og husmannsgruppa. I den første gruppa, bøndene altså, hadde dei største gardsbruka 16–17, ja, heilt oppi 20 kyr på båsen og meir enn 20 sauer i bingen. Småbruka hadde gjerne

3–4 kyr og nokre få sauer. Sameleis var det med såmengda, der eitt av bruka på Holdhus var på topp med 7½ tønne havre, medan dei minste bruka sådde éi tønne eller endå mindre.

Spennet var endå større mellom husmannsplassane. Nokre av dei som låg i fjellagardane, hadde svært mange dyr. Me kan vel rekna med at utmarksslåtten var viktig for å halda liv i så mange dyr gjennom vinteren. Samstundes var åkrane jamt over mykje mindre enn på gardar nede i bygda med like mange dyr. Her er dei fire fjell-plassane som hadde flest kyr:

	Hestar	Kyr	Sauer	Geiter	Havre	Poteter
<b>Seterhaugen</b>	0	18	14	11	0	0,5
<b>Kleivane</b>	1	14	24	7	1,25	3
<b>Steinhushaugen</b>	0,5	12	17	11	0,75	1,5
<b>Nyutløtræet</b>	1	12	23	4	1,5	2,5

Det var altså jamvel hestar på nokre av desse plassane. Til saman var det berre sju husmannsplassar i heile Samnanger som hadde hest. Her ser me elles det einaste dømet frå 1865 på at to gardar hadde hest i lag; Grønsdalen hadde den andre «halvparten».

I motsett ende av skalaen var dei husmennene som ikkje hadde jord i det heile, men det var heller ikkje ei einsarta gruppe. Dei fleste hadde andre yrke, ofte var dei sjøfolk, men det er òg døme på at ein heil familie på sju levde på «fattigkassen» utan at anna livberging er nemnt i folketaljinga.

Så var det husmannsplassar *med* jord i alle storleikar oppover – frå dei som hadde ei ku eller kanskje berre nokre sauer eller geiter, til dei eg har nemnt ovanfor, som hadde store buskapar.

I fjellagardane var det mogeleg for husmennene å driva med jakt og aurefiske som matauk, men husmennene ved sjøen kunne endå lettare henta mat og inntekter frå fjorden – og dermed greia seg med mindre jord.

Her høver det igjen å sitera S1 (s. 222), som fortel om Axel Pedersson på Sjøbakken, plass under Nordbø: «Han bygsla dette plassen i 1862.



*Steinhushaugen fremst. Her var husmansplass til ca. 1870. I bakgrunnen ligg Kleivane som var plass ca. 1770 – 1870. Til høgre i biletet ser me Dyrafossen i Storelva. Foto: Wiederøe, 1965.*

Han var ein drivande notbas og notbrukseigar, og dette var næringsvegen hans, fyr plassen var både lite og skralt. [I 1865] var fonaden berre éin sau, og der var sådt 1¼ t. potetor».

Eg kan òg ta med at dei to handelsmennene som hadde slege seg til i bygda, var husmenn i 1865. Dette var Brigtsen i Søvika og Røsseland på Ytre-Tysse. Særleg sistnemnde var ikkje akkurat ein gjennomsnitts husmann, med tre tenarar i huset, og han hadde ein av dei fem grisane som fanst på husmannsplassane.

Viss me summerer opp, kan me vel slå fast at dei mest velståande husmennene sat betre i det enn ein del av bøndene med små bruk og lite inntekter utanom garden. Det var altså ikkje særleg skarpe skilje mellom dei to gruppene i Samnanger-samfunnet i 1865, sjølv om det naturlegvis gav prestisje å eiga garden ein budde på.

---

<sup>8</sup> [https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos\\_i\\_a2\\_1867.pdf](https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_i_a2_1867.pdf)



Men det var absolutt fattigfolk i Samnanger på 1860-talet. Me finn nokre døme på dette i folketeljinga frå 1865, men det kjem tydelegare fram viss me går til ei anna kjelde, nemleg «fattig-statistikkane». Den første av desse har tal frå 1866<sup>8</sup> og fortel at det var 87 menneske som «forsørgeades» i Samnanger, dvs. at fattigkassen betalte for livsopphaldet deira. Dei 87 fall i tre grupper: Det var 4 menneske på legd og 8 born i det me kan kalla fosterheimar. Resten, dvs. 75, fekk hjelp i heimen sin eller «paa andre Maader».

### **Husmennene vert borte**

Som nemnt hadde truleg talet på husmannsplassar alt passert toppen i 1865. I 1900 er det berre halvparten så mange husmannsplassar. Talet gjekk ned frå over 120 til litt meir enn 60, men endringane frå 1865 var eigentleg endå større, for det hadde kome til 16 nye husmannsplassar i siste delen av 1800-talet. Dermed var det færre enn 50 igjen av husmannsplassane som fanst i 1865. Kva hadde skjedd med dei andre? Me kan vel seia at det var to ulike alternativ: For det første vart mange av husmannsplassane eigne bruk, altså sjøveigargardar; det gjaldt i overkant av 40 i perioden 1865–1900. Så vart ca. 30 nedlagde og fråflytta. Desse fall igjen i tre grupper: Dei som låg lagleg til, vart ein del av bøen på bruket dei høyrde inn under. Nokre kunne verta nytta som utslåtter, og ein del vart rett og slett liggjande ubrukte, bortsett at dyr kunne beita der. Desse to siste gruppene låg helst i utmarka, skilde frå gardane elles, men storleiken spelte nok òg ei rolle for om ein plass vart nedlagd eller gjekk over til å verta sjølvstendig bruk.

Her er nokre av dei som vart eigne bruk i denne perioden (somme fekk nye namn): Ervika, Øpstebø, Grønestølen, Tverrlia, Kleivane (to bruk), Røyrbotnen, Nyutløtræet, Osperinden, (Gjerds-)Neset, (Skotta-) Bakken, Søvika, (Insta-)Stykket (Li), Skarsvågen, Åsen (Nordbø).

Namna på dei plassane som berre vart nedlagde og fråflytta, er sjølvsagt jamt over mindre kjende i bygda, men eg kan nemna Tø(e)na og Smådalen. Me såg i årboka frå i fjor at Tøena seinare vart nytta til slåtte av folka på Vassenden.

Teigen på Steintveit (ned mot Nordvikavatnet) kan vera eit døme på ein nedlagd plass som vart ein del av bøen på bruka som han høyrde til.

Til slutt i denne bolken kan eg ta med det som skjedde på Tysse. Her vart

husmannsplassen Teigen kjøpt av ullvarefabrikken i 1886 og til dels gjort om til hustomter.

Etter 1900 heldt nedlegginga av husmannsplassane fram, og no kom det ingen nye til. I 1 folketeljninga frå 1920 er det registrert 17 husmenn i Samnanger. Det kan ha vore nokre fleire husmannsplassar der brukarane er registrerte berre med andre yrke, men jamt over var det no eldre folk som sat igjen med plassane sine, og etter kvart som dei døydde, vart fleire og fleire plassar nedlagde.

Jordlova frå 1928 gav husmenn rett til å løysa inn plassane sine, men dette hadde truleg lite å seia i Samnanger sidan heile husmannsvesenet stort sett var avvikla.

Heilt slutt vart det likevel ikkje på husmennene før etter krigen. Bruabotnen og Utgjerdet (Høyseter) var visstnok dei to som varte lengst, og sistnemnde vart vel ikkje formelt nedlagd før i 1980 då den siste som budde der, døydde.

### **Sluttord:**

Historia om husmennene i Samnanger strekkjer seg over 300 år. I denne artikkelen har eg berre skrapa litt i overflata til denne historia. Her kan gjerast meir systematiske og grundige granskingar, som vil fylla ut og gjerne korrigera det biletet eg har gjeve her. I alle fall vil nok årboka halda fram med å fortelja meir konkret om lagnaden til dei som budde på ulike husmannsplassar.

### **Dei viktigaste kjeldene:**

- Nils Lauvskard: Samnanger 1, 1930
- Folketeljningane 1801, 1865, 1900 og 1920:

<https://www.digitalarkivet.no/nn/census/district/tf01058380000948>

[https://www.digitalarkivet.no/nn/census/district\\_list/38238](https://www.digitalarkivet.no/nn/census/district_list/38238)

[https://www.digitalarkivet.no/nn/census/district\\_list/37319](https://www.digitalarkivet.no/nn/census/district_list/37319)

[https://www.digitalarkivet.no/nn/census/district\\_list/74013](https://www.digitalarkivet.no/nn/census/district_list/74013)

- Ståle Dyrvik mfl.: Norsk økonomisk historie 1500–1970:

*Sjå elles fotnotane.*

# Bønder og husmenn i Nordbygda 1519 – 1865

av Øyvind Røen


I 1519 var det ikkje meir enn 11 som betalte skatt i Samnanger, og berre 8 namne- eller matrikkelgardar var busette. Det var Ådland, Reistad, Nordvika, Steinsland, Frøland, Tysseland, Tysse og Utskot. Nils Lauvskard skriv i S1 at ein kan gonga talet på skatteytarar med 10 for å få det samla folketalet. Seinare har ein kome til at denne faktoren ligg mellom 5 og 7. Det vil seia at folketalet i Samnanger i 1519 berre var ein stad mellom 55 og 80, viss me rundar opp.


Så har me sett i førre kapittel at nesten 300 år seinare, i 1801, var folketalet meir enn ti gonger så høgt (838). I 1865 hadde det igjen nesten dubla seg (1567).

Alle dei nye samningane skulle bu ein plass, og i artikkelen om husmannen har eg vore inne på at garddeling og husmannsplassar var løysinga. Under har eg prøvd med hjelp av kart å syna korleis dette utvikla seg i den gamle Nordbygda-krinsen. Tilsvarande skjedde i resten av Samnanger, sjølv om husmannsplassane ikkje var jamt fordelte. T.d. var det aldri husmannsplassar i sjølve Hisdalen. (Stolpane var den næraste.)


## Teiknforklaring til karta:

 = matrikkelgard

 = kvitt nummer er tal på bruk/bønder på ein matrikkelgard

 = husmannsplass

 = bruk utanfor hovudtunet  
på matrikkelgarden

 = tidlegare husmannsplass



I 1612 var alle sju gardane i Nordbygdane busette igjen, slik dei hadde vore før svartedauden midt på 1300-talet.

Det gamle tunet på Reistad låg på det som no vert kalla Erikajorda.

I 1666 var Skottabakken, seinare berre kalla Bakken, busett. Dette var kanskje den første husmannsplassen i Samnanger.

Me ser òg at garddelinga hadde skote fart, og det hadde vorte små klyngjetun på fleire av namnegardane.



Den mørke fargen på Brualeitet er nytta for å syna at her budde ein husmann utan jord. Han var sagmeister i Aldalselva.



I 1801 var det ikkje fleire bruk (bønder) på matrikkelgardane enn i 1666. Det var talet på husmannsplassar som hadde auka.

I 1865 var det både mange fleire bruk på matrikkelgardane og husmannsplassar. På Reistad budde 4 av 5 utanfor gamletunet. På Steintveit budde 5 i det gamle tunet, og det var to bruk i Hildershaugen. Plassen Olderbakken hadde òg vorte to bruk.

Nysetebotnen ligg i realiteten ein god del lenger vest enn plasseringa som er vist på dei to siste kartutsnitt.

# Årsmelding 2023

## **Tillitsvalde, styret:**

*Solvor Aadland* - leiar    *Helge Hisdal* - nestleiar    *Audhild Aadland Olsnes* - skrivar    *Gisle G. Øye* - kasserar    *Tor Wold* - styremedlem.

Varamedlemar: *Inger Midtun* og *Kristian Jørgensen*

*Arne Nordbø* - revisor

**Årboknemnd:** *Knut Ådne Haukanes Røen, Svein Egil Kvale, Øyvind Røen* og *Thomas Hellevang*

**Fondsnemnd:** *Tone Tysse Land Holmefjord, Bjarne Hauge* og *Audhild Aadland Olsnes*

**Valnemnd:** *Karin Høysæter Steinsland* og *Eva Hellevang*

Årsmøtet gjorde vedtak om at medlemspengane framleis skal vera 250 kr for einskildmedlemar og 300 kr for familiar. Krav om betaling vert sendt ut i mars

Medlemstal: 142 stk. Av dei er 27 familiemedlemskap.

## **Aktivitetar:**

Svensken som fann røtene sine på Ådland og i Nordvika, kåseri på årsmøtet ved *Svein Egil Kvale* og *Solvor Aadland*.

Samningaveka: Tyssevandring v/ *Tor Wold, Helge Hisdal* og *Margunn Lønnebakken*, over 30 stk.

Skuledag i gamle dagar i Stolpane skulehus v/*Solvor Aa* og *Audhild Aa.Olsnes*

Nokre born frå skulen saman med dramalærer, elles vart dei frammøtte elevar. To framføringar.

Tur til Tælavåg, planlagd av Helge H. Full veteranbuss, noko dogg og mykje regn. Svært god middag. Eit interessant tilbakeblikk gjennom bilete og film på ei grusom hending under krigen.

Treskoverkstaden, 6.klassingane var med Helge H. på omvising.

Forteljing om krigen, Helge vitja 7. klassingane på barneskulen.

\*

Kulturminnedag i Hålandsdalen gamle kyrkje. Alle medlemene fekk innbyding. Hanne Y. Aadland og familien Anne og Torfinn Kolle deltok, kledd i nye, gamaldagse drakter frå Bjørnafjordsområdet, til og med eit dåpsbarn var reiva med fin dåpsbleie over. Ein fekk vita mykje om både kledebunad og kyrkjetekstilar.

Nokre gamle klebersteinbrot i bygda vart vitja saman med arkitektstudentar som skulle skriva ei masteroppgåve om stein som byggjemateriale. Tor W, Helge H. og Jann Haugen.

Stolpejakt, samarbeid mellom idrettslaget, karalaget og historielaget. Gjennom å kombinera stolpebilete og mobil, kjem ein fram til historiar langs vegen opp mot Fitjavatnet.

\*

Fotogruppa har vore svært ivrig og hadde ei stor og flott utstilling i biblioteket på Bjørkheim. Denne gongen fekk me studera Eikedalen frå mange vinklar og gjennom mange år.

Bak årboka du no har i hende, ligg det mykje arbeid, hovudsakleg frå årboknemnda. Styret er uendeleg takksam for dette verdfulle arbeidet som vert gjort, år etter år! Gjennom årbøkene har me verkeleg fått med oss mykje om farne dagar i bygda vår. Me er vortne rikare!

Elles ei takk til medlemene våre som på ulik vis støttar opp om historielaget, til annonsørane i årboka og til Antons kulturhistoriske senter.

*For styret, Solvor Aadland*



# Lysingar

## Saman gjer vi det betre

Alt vi gjer, gjer vi for å bidra til at livet på Vestlandet skal bli endå litt betre.



 **Hordaland  
Rørteknikk A/S**

Org.nr. 989 364 669 MVA



Holsundvegen 285 • 5642 Holmeåfjord • Tlf: 56 58 09 90 • post@hrt.as

Din leverandør av produkter og tjenester innen;

- VA
- VVS
- PE-produksjon
- Havbruk
- No-Dig
- Microkraft

 **Drosjane i Samnanger**

Døgnvakt, bestilling:  
**56 58 88 66**

Adm.: 479 00 618

E-post: [post@samtax.no](mailto:post@samtax.no)



DIN LOKALE BOKHANDEL




NORLI ARNA  
TLF 55245500  
[WWW.NORLI.NO](http://WWW.NORLI.NO)  
[ARNA@NORLI.NO](mailto:ARNA@NORLI.NO)

FØLG OSS GJERNE PÅ  
FACEBOOK OG INSTAGRAM

SPAR 

## Velkommen til Sparbutikken på Bjørkheim!

Vi byr på deilig helgemat og velfylte varmeskap.

SPAR BJØRKHEIM tlf. 56 58 63 32 • 7-22(8-21)   



Forstøtningsmurar  
Trapper - Grunnmurar  
**Thomas Eikeland**  
5650 Tysse  
Tlf. 56 58 64 27 / 909 80 599  
E-post: tomas.eikeland@gmail.com

Utleige av systemførskalling      Sentral godkjenning

# KIWI mini pris

Gjer som 4 av 5 samningar – abonnér på

# samningen

Teikn abonnement på [www.samningen.no](http://www.samningen.no) eller ring 56 58 77 05



## ELEKTRIKEREN I SAMNANGER

Vi utfører El-installasjon i alle typer bygg

- Vi utfører El-installasjoner i boliger, forretningsbygg og industribygg.
- Egen svakstrømsavdeling.
- Service-avtaler/årskontroller på brannalarm og nødlys.
- Service-avtaler/årskontroller og El-sjekk på alle typer elektriske installasjoner.
- El-kontroller i boliger.

**Ernst Eismann AS**  
Jordalsveien 42,  
5105 Eidsvåg i Åsane

Tlf: +47 55 33 37 30  
E-post: ernst@eismann.no  
www.eismann.no

ELTRIO-ENTREPRENØR  
*Ernst Eismann as*



**EL-PROFFEN**

- i en egen liga

# HMEK

REPARASJON AV LANDBRUK OG ANLEGGsutstyr

# Safa

Safa har ullklær til hele familien fra topp til tå!

VARIGE LØSNINGER  
NORSK KVALITET

Faginnredning utformer spesialinnredning for næringsbygg over hele Norge.

[Faginnredning.no](http://Faginnredning.no)



**FAG**  
FAGINNREDNING




**ARNA**  
gravferdsbyrå

Lakslia 14 (Borgstova), 5261 Indre Arna.  
tlf: **55 24 08 08** (24t). [arna-gravferdsbyraa.no](http://arna-gravferdsbyraa.no)



**Bjørkheim**  
KRO & MOTELL AS  
Tlf: 56 58 77 40  
[post@bjorkheim.no](mailto:post@bjorkheim.no) 



**Best Bjørkheim**  
Solheim Autoservice AS  
56 58 90 00



ANNO 2023  
**TYSSE**  
LANDHANDEL

Sjølvetent  
butikk open  
alle dagar  
kl. 6 – 24

Alt ev. overskot går  
tilbake til bygda!



**TYSSELAND SMED  
& MEK. VERKSTED**

480 08 815 / 56 58 76 40

5652 Årland

Ønskjer du ein  
annonse i neste årbok?

Kontakt oss: Tlf. 934 24 361  
E-post: [solvaar12@gmail.com](mailto:solvaar12@gmail.com)